

Eid kontrollutval

SEKOM-sekretariat

www.sekom.no | post@sekom.no

Møteinnkalling

Møtedato: 28.04.2015
Møtestad: Møterom i kommunehuset, 1. etasje
Møtetid: Kl. 09:30

Innkalling: Faste medlemar i utvalet
Rådmannen i sak 13, 14 og 15
Revisor i sak 13, 14 og 15
Eid Fjordvarme KF ved Magne Hjelle i sak 14 (kl 10.00)
Eid Industrihus KF ved Svein Otto Melheim i sak 15 (kl 10.30)

Dersom du ikkje kan møte: Meld frå på e-post:

- Arnar Helgheim: ah@sekom.no (mobil: 975 81 418)

Varamedlemar møter etter nærare innkalling.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
011/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
012/15	Skriv og meldingar, 28.4.15
013/15	Rekneskap 2014 - Eid kommune
014/15	Rekneskap 2014 - Eid Fjordvarme KF
015/15	Rekneskap 2014 - Eid Industrihus KF
016/15	Orientering - protokollar utval / styre
017/15	Oppfølgingsliste 2 - 2015
018/15	Eventuelt

Med helsing

Roy André H Bruvoll
Leiar

SEKOM-sekretariat

Saksgang Eid kontrollutval	Møtedato 28.04.2015	Saksnr 011/15
--------------------------------------	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 15/231
---	----------------------	-------------------------------

Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedlegg:

Ingen vedlegg i saka.

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Innkalling og sakliste vert godkjent.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Eid kontrollutval	Møtedato 28.04.2015	Saksnr 012/15
--------------------------------------	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-033	Arkivsaknr.: 15/234
---	-------------------------	-------------------------------

Skriv og meldingar, 28.4.15

Vedlegg:

Nr	Dok.dato	Tittel	Dok.ID
1	29.01.2015	Plan for lukking av avvik -utdjupingar / presiseringar (barnevern)	15/743
2	03.02.2015	Eid kommune - avslutning av tilsyn med kommunalt barnevern	15/744
3	27.03.2015	Arbeidsplan 2015 og 2016 for SEKOM-sekretariat	15/398
4	26.03.2015	Årsmelding 2014 - SEKOM-sekretariat	15/624

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Skriv og meldingar vert tekne til orientering.



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Vår ref.

14/893-9/K2-F40//BJG

Dato:

29.01.2015

VEDR. PLAN FOR LUKKING AV AVVIK - UTDJUPNINGAR/PRESISERINGAR

Viser til e-post mottatt 21.01.15. der det blir bede om presiseringar i høve vår plan for lukking av avvik.

Bruk av tilsynsrapportar som del av fosterheimsbesøket:

Rapport frå tilsynsførar skal brukast aktivt i oppfølging av fosterbarn og fosterheimen. Dette betyr at rapportane skal gåast igjennom i forkant av kvart oppfølgingsbesøk. Dersom det manglar rapportar skal desse etterspørjast i forkant av planlagt besøk.

Innhaldet i rapporten er avgjerande for om rapporten heilt- eller delvis blir tema i oppfølgingsbesøket. Innhaldet vil og være avgjerande for om rapporten skal drøftast med fosterbarn åleine eller saman med fosterforeldra. (jfr. rettleiar pkt. 10, side 23.)

Uavhengig av om rapporten vert gjennomgått i oppfølgingsbesøket, jfr. over, skal ein alltid spørje fosterbarnet (om det er gammalt nok) og fosterfamilien korleis dei opplever gjennomføringa av tilsynsbesøket.

Avvik skal alltid meldast i Kvalitetslosen, uavhengig av alvorgrad:

Vi vil sikre ei felles forståing av kva som er avvik og etablere ein kultur for å melde på tre måtar:

1. I rutinegjennomgangen vil det bli laga ein definisjon på kva som er avvik. Denne vil bli konkretisert ved hjelp av fleire eksempel. Lista over eksempel kan sjølvstakt ikkje bli uttømmende då kva som er vert opplevd som avvik vil kunne endre seg i tråd med endringar i regelverk og ytre hendingar (eks. innafør HMS-området)
2. Det er allereie gjennomført internopplæring i høve bruk av systemet for melding av avvik. Dette vil bli gjentatt ved tilsetning av nye medarbeidarar og med jamne mellomrom overfor tilsette som ein ser i liten grad melder avvik.

3. Avviksrapportar blir gjennomgått i personalgruppa i samband med halvårlege statusrapporteringar til overordna leiing, jfr. pkt. 4 i plana. Denne gjennomgangen kjem sjølvstilt i tillegg til handtering av det enkelte avvik.

Dersom over nemnte ikkje vert vurdert som tilfredstillande med tanke på felles forståing av kva som er avvik og kultur for å melde dette, vil ein måtte vurdere å gjere avviksmelding til eit tema på dei barnevernsmøte kvar veke og faktisk registrere avvik i slike fellesmøte. Dette vil likevel ikkje bli implementert som ein del av våre faste rutinar i utgangspunktet. Dette då ei slik ordning vil være tidkrevjande og gå på kostnad av andre pålagte oppgåver. M.a.o. vil eit for omfattande kontroll- og kvalitetssystem kunne få den paradoksale effekten at det fører til nye avvik.

Barnevernstenesta i Eid er godt i gang med å gjennomføre dei tiltaka som er skissert i vår plan, datert 11.12.14. På bakgrunn av det er det viktig at vi får ei rask og endeleg tilbakemelding på om Fylkesmannen godkjenner plana. Vi ber og konkret om tilbakemelding på om avviket vert lukka når plana er godkjent eller om sjølv lukkinga av avviket skjer på eit seinare tidspunkt og evt. kva prosessar som då er lagt opp til med tanke på rapportering og kontroll frå vår side.

Med helsing

Bjarte Gangeskar
Fagleiar

Kopi: Avdelingsleiar Lisbeth Fanøy Nord.



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Line Pedersen Døsen
Telefon: 57643180
E-post: fmsflpd@fylkesmannen.no

Vår dato
03.02.2015
Dykkar dato
29.01.2015

Vår referanse
2013/4983 - 621
Dykkar referanse

Eid kommune
Rådhusvegen 11
6771 NORDFJORDEID

Eid kommune - avslutning av tilsyn med kommunalt barnevern

Fylkesmannen viser til tilsyn med barnevernstenesta i Eid kommune 9.-11. september 2014, og endeleg rapport datert 5. november 2014. Vi viser også til kommunen sin plan for retting av avvik datert 11. desember 2014, og dykkar utdjupingar/presiseringar i brev datert 29. januar 2015.

Systemrevisjonen gjaldt følgjande område: «Kommunal barnevernsteneste sitt arbeid med barn som bur i kommunale fosterheimar.»

Det blei avdekt eit avvik: «*Kommunen har ikkje god nok styring og kontroll med oppfølginga av det enkelte barn i fosterheim.*»

Kommunen gir i planen for retting av avvik tilbakemelding om at de har sett i verk ulike tiltak for å lukke avviket.

I planen gjer de greie for at de skal ha gjennomgang og oppdatering av alle rutinar og sjekklister som gjeld fosterheimsarbeidet, med spesielt fokus på innhald i oppfølgingsbesøka, kriterier for eventuell reduksjon av oppfølgingsbesøk og besøk av tilsynsførar. Bruk av tilsynsrapportar i førebuinga av oppfølgingsbesøka. Bruk av individuell plan. Dokumentasjon av barnevernsfaglege vurderingar og avgjerder. Avvikshandtering og systematisering av formelle og uformelle klager.

De skal bruke barnevernsmøte til å drøfte saker, men også setje av tid til eigne drøftingar med leiar/ekstern rettleiar ved behov. Det skal skrivast rapportar frå alle oppfølgingsbesøk i eigen mal, og desse skal signerast av sakshandsamar og fagleiar.

I samband med halvårsrapporteringa skal det gjennomførast statusoppdateringar i høve fosterheimsarbeidet. Oppdateringa skal omfatte både den generelle delen av arbeidet, som arbeid med rutinar, og ein spesifikk gjennomgang av sakene. Denne gjennomgangen skal brukast som grunnlag for ein risikovurdering av området, og skal sendast administrativ og politisk leiing.

Kommunen skal sikre ei felles forståing for kva som er avvik, og etablere ein kultur for å melde avvik. Det vil bli laga ein definisjon på kva eit avvik er, med døme, det vil bli gjennomført internopplæring både ved tilsetjing av nye og med jamne mellomrom for tilsette som i liten grad melder avvik. Avviksrapportar skal gjennomgåast i personalgruppe i samband med halvårlege statusrapporteringar til overordna leiing, i tillegg til handtering av det enkelte avviket.

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmsfpost@fylkesmannen.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

For å sikre kvalitet i sakshandsaminga og forsvarlege tenester skal ein av dei tilsette ha eit særleg oppfølgingsansvar i høve fosterheimsarbeidet, med eigen spesifikasjon for kva dette ansvaret inneber.

Ut frå planen for retting og tilbakemeldinga frå dykk, vurderer Fylkesmannen at avvika er retta av kommunen. For ordens skuld presiserer Fylkesmannen at vi ikkje har kvalitetssikra eller godkjent kommunens prosedyrar, malar og rutinar.

Tilsynet med barnevernstenesta i kommunen er etter dette avslutta. Vi vil likevel be om ei tilbakemelding når kommunen ser om tiltaka verkar etter intensjonen, seinast innan utgangen av juli 2015.

Fylkesmannen takkar for samarbeidet, og ønskjer kommunen lukke til med vidare kvalitets- og internkontrollarbeid.

Med helsing

Hanne Sæbø
seksjonsleiar

Line Pedersen Døsen
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Kopi til
Statens helsetilsyn Postboks 8128 Dep 0032 Oslo

SEKOM-sekretariat

Arbeidsplan 2015 og 2016



Styret si handsaming

Dato: 25.3.2015
Saksnummer: 004/15: Samrøystes vedteken.
Referanse: 15/398

Organisering

SEKOM-sekretariat er ei interkommunal verksemd etter kommunelova § 27. Det er 15 deltakarkommunar og kvar av kommunane har ein styrerepresentant. I møte den 25.2.14, gjorde styret følgjande vedtak: «*Styret slår fast at SEKOM-sekretariat i praksis er etablert som eige rettssubjekt med eigen rekneskap, som vert ført i samsvar med forskrift om årsrekneskap og årsberetning for kommunar og fylkeskommunar*».

Verksemda har 2 tilsette i heile stillingar:

- Dagleg leiar Arnar Helgheim
- Rådgjevar Audhild Ragni Vie Alme

Bakgrunnsinformasjon

Sekretariatet sitt føremål / oppgåve (vedtektene § 3):

Sekretariatsamarbeidet har som føremål/oppgåve å syte for at kontrollutvala i deltakarkommunane får naudsynt bistand til å få utført kontrollutvalsoppgåver slik det kjem til uttrykk i kommunelova kap. 12 § 77 og forskrift om kontrollutval for kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004.

Eigarkommunane har gjennom samarbeidsavtale, bestemt slik fordeling av driftstilskot til SEKOM-sekretariat:

- Fast del 25%
- Etter tidsbruk 25%
- Etter folketal 50%

Dei tilsette fører timelister fordelt på kommunane og felles/administrasjon. Reiseutgifter til og frå kontrollutvalsmøte vert ført på fellesutgifter. Denne registreringa er utgangspunkt for etterjustering av tilskot frå kvar av eigarkommunane.

Vedtektene gir styret rett til mellom anna:

- Vedtak av budsjett
- Fastsetjing og godkjenning av årsrekneskap
- Fordeling av kostnadane på kommunane etter vedteken fordelingsnøkkel

Vedtekter og samarbeidsavtale ligg på nettsidene www.sekom.no

Styrande organ

Styret har 15 medlemar. Ein frå kvar av eigarkommunane. 5 av styremedlemene er valde til å utgjere arbeidsutval. Terje Engvik (Førde) er styreleiar og Siv L Rotevatn (Eid) er nestleiar.

Vi legg opp til to styremøte og eitt møte i arbeidsutvalet pr år:

- Styremøte i samband med rekneskap, årsmelding med meir ca mars månad
- Styremøte i samband med budsjett for neste år ca oktober månad

- Arbeidsutvalsmøte om løns- og arbeidsvilkår og evt andre tilhøve ca juni måned

Ytterlegare møte ved behov etter avtale med styreleiar.

Løpande arbeidsoppgåver

Oppsummering av løpande oppgåver som ligg til SEKOM-sekretariat:

- Førebu saker til handsaming i kontrollutvala. Utgreie relevante tilhøve slik at utvalet har eit best mogeleg grunnlag for si handsaming.
- Praktisk gjennomføring av kontrollutvalsmøta
- Post, sak og arkivfunksjon for kontrollutvala.
- Ha kontakt og samarbeid med kommunane sine revisorar.
- Drøfte og samarbeide med revisor om spesielle moment som revisor gjer merksam på ved gjennomgang av årsrekneskapen. Særleg atterhald og presiseringar i revisjonsmeldinga.
- Ha kontakt med administrasjonen i kommunane om aktuelle saker og informasjon til kontrollutvala.
- Fagleg oppdatering og utvikling. Dei tilsette deltek på aktuelle kurs og konferansar innan fagområdet. SEKOM-sekretariat er aktiv deltakar i sekretariatsforum for Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.
- Sjå også tabellen «Kontrollutvala – aktuelle saker» som ligg til slutt i arbeidsplanen.

I utgangspunktet legg vi opp til same møtefrekvens i kontrollutvala som det har vore dei seinaste åra:

Kommunar	Møte pr år
Flora og Førde	8
Bremanger, Eid, Gloppen og Stryn	5
Askvoll, Fjaler, Gaular, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal og Solund	4

Det vert sett opp ekstra møte ved behov, etter avtale med kvart utval / utvalsleiar. Samla møteplan vert oppdatert jamleg og er publisert på SEKOM-sekretariat si nettside.

Prioriterte arbeidsoppgåver

Oppgåver som er særskilt prioriterte i 2015 og 2016.

Oppstart etter kommunevalet

Mål:

- Dei nye kontrollutvala skal vere operative raskast mogeleg.
- Kontrollutvalsmedlemene skal oppleve vervet som nyttig og interessant.

Tiltak:

- Sende ut informasjon om val av kontrollutval ved konstitueringa til alle eigarkommunane ca 1. september.

- Oppstartmøte for alle utvala innan utgangen av 2015. Fokus på å «bli kjent». Enkel presentasjon av SEKOM-sekretariat og revisjonsselskapet i tillegg til ei første innføring i kontrollutvalet sine oppgåver.
- Alle kontrollutvala deltek på fylkesomfattande opplæring tidleg i 2016.
- Lage opplegg for vidare opplæring og utvikling av kontrollutvala til neste årsplan. Dette kan t.d. vere fellessamling for nokre eller alle kontrollutvala i vårt område.
- SEKOM-sekretariat ønskjer å få høve til å presentere selskapet og kontrollutvalsfunksjonen for kvart kommunestyre. Seinast før sommaren 2016. Vi kontaktar nyvalde ordførarar om dette etter konstitueringa hausten 2015.

Forvaltningsrevisjon og selskapskontroll

Mål:

- Forvaltningsrevisjon og selskapskontroll skal bidra til kvalitetsutvikling i kommunane.
- Plan for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll skal vere handsama av kontrollutvala sinast oktober 2016.
- Minst 1 forvaltningsrevisjon eller selskapskontroll kvart år i valperioden.

Tiltak:

- Samarbeid med dei to revisjonsselskapa allereie frå vinteren 2015 om overordna analyse og plan for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.
- Bidra til at dei prioriterte revisjons- og kontrollprosjekta er relevante og i tråd med vurdering av risiko og vesentlegheit.
- Utnytte både sekretariatet og revisjonsselskapa sine ressursar på ein effektiv måte gjennom samarbeid på tvers av kommunane.
- Greie ut og tilrå tydelege og godt avgrensa tingingar til revisjonsselskapa. Særleg unngå for mange vide og uklare prosjekt med lang leveringstid.
- Følgje opp og drøfte framdrift, problemstillingar, ressursbruk med meir med revisjonsselskapa. Bidra til praktiske avklaringar og forventningsavklaring mellom revisjonsselskap og kontrollutval.

Informasjonsarbeid

Mål:

- Alle dokument som kan vere offentlege skal vere både offentlege og tilgjengelege.
- Kontrollutvalet sine dokument skal vere minst like lett tilgjengelege for omverda som dokument i eigarkommunane.

Tiltak:

- Vidareutvikle bruken av Acos sine løysingar: Infolink (nettsida) og WebSak (sak/arkivsystem).
- Nyheitssak på kommunane sine nettsider med innkalling og sakliste til kontrollutvalsmøta. SEKOM avklarar dette med kvar kommune.
- Kontrollutvalet som eit synleg, fast meny punkt på kommunane sine nettsider. SEKOM avklarar dette med kvar kommune.
- Søkbar postjournal på nettsida med inn- og utgåande dokument tilgjengelege for direkte nedlasting.

- Samarbeide med kommunane i Sunnfjord og Ytre Sogn om å oppgradere Infolink. Inkludert i dette er ein (for SEKOM) ny modul «Innsyn» med søke- og publiseringsfunksjon på linje med kommunane (Sjå økonomi).
- Førespurnadar om innsyn og dokumentasjon som gjeld kontrollutvalet svarast på seinast dagen etter dei er komne inn.

Økonomi

Styret vedtok budsjett den 1. oktober 2014. Rekneskap for 2014 vert lagt fram i same møte som denne årsplanen. I budsjettet er det kr 40.000 som er sett av til reserverte løyvingar i tillegg til ordinære løns- og driftspostar.

Innanfor det vedtekne budsjettet, vert tilleggsmodulen «Innsyn» for vidareutvikling av nettsida prioritert. Etter tilbod frå Acos, har denne eingongskostnad på ca kr 55.000 i 2015. Årleg lisens er på kr 8.000.

Tabell med utdrag frå rekneskap og budsjett dei seinaste åra. Både i 2013 og 2014, var det periode med vakanse i stillingane som påverkar sum lønsutgifter desse åra.

	R2013	B2014	R2014 (ca)	B2015
Lønsutgifter	1 535 000	1 786 000	1 742 000	1 839 000
Andre utgifter	482 000	570 000	445 000	587 000
Brutto utgifter	2 017 000	2 356 000	2 187 000	2 426 000
Inntekter	-50 000	-31 000	-57 000	-31 000
Netto (=overføring frå eigarkommunane)	1 967 000	2 325 000	2 130 000	2 395 000

SEKOM-sekretariat

Årsmelding 2014



Styret si handsaming

Dato: 25.3.2015

Saksnummer: 003/15

Referanse: 15/33

Organisering

SEKOM-sekretariat er ei interkommunal verksemd etter kommunelova § 27. Det er 15 deltakarkommunar og kvar av kommunane har ein styrerepresentant. I møte den 25.2.14, gjorde styret følgjande vedtak: «Styret slår fast at SEKOM-sekretariat i praksis er etablert som eige rettssubjekt med eigen rekneskap, som vert ført i samsvar med forskrift om årsrekneskap og årsberetning for kommunar og fylkeskommunar».

Styre og arbeidsutval

Styret pr 31.12.14

	Faste medlemar		Personlege varamedlemar
1	Reidar Fristad, Askvoll	1	Jorunn Blom Aalen, Askvoll
2	Stig Bakke, Bremanger	2	Jarle Frøyen, Bremanger
3	Siv L Rotevatn, Eid (nestleiar)	3	Torbjørn Nes Hjelle, Eid
4	Magne Norddal, Fjaler	4	Anny Mari Holm Solheim, Fjaler
5	Bjørn Hollevik, Flora	5	Siv Madsen, Flora
6	Terje Engvik, Førde (leiar)	6	Monica Alisøy Kjelsnes, Førde
7	Joar Aarnes, Gaular	7	Anita Eide, Gaular
8	Per Jarle Myklebust, Gloppen	8	Ola Tarjei Kroken, Gloppen
9	Lars Atle Larsen, Gulen	9	Laila Nyhammer, Gulen
10	Jon Åge Torheim, Hornindal	10	Elsa Eilertsen Raftevoll, Hornindal
11	Morten Askvik, Hyllestad	11	Øyvind Høye, Hyllestad
12	Johannes Juklestad, Jølster	12	Arve Dvergsdal, Jølster
13	Randi Elvebakk Reiakvam, Naustdal	13	Elin Schei Stuhaug, Naustdal
14	Anne Kari Reigstad, Solund	14	Birger Hjønnvåg, Solund
15	Rune Myklebust, Stryn	15	Aud Jorunn Hool Egge, Stryn

Leiar:	Terje Engvik
Nestleiar:	Siv L Rotevatn

Arbeidsutvalet pr 31.12.14

	Faste medlemar		Personlege varamedlemar (1.vara)		Personlege varamedlemar (2.vara)
1	Terje Engvik, Førde, leiar	1	Bjørn Hollevik, Flora	1	Joar Årnes, Gaular
2	Randi Elvebakk Reiakvam, Naustdal	2	Magne Norddal, Fjaler	2	Reidar Fristad, Askvoll
3	Siv L Rotevatn, Eid, nestleiar	3	Stig Bakke, Bremanger	3	Jon Åge Torheim, Hornindal
4	Per Jarle Myklebust, Gloppen	4	Rune Myklebust, Stryn	4	Johannes Juklestad, Jølster
5	Ann Kari Reigstad, Solund	5	Lars Atle Larsen, Gulen	5	Morten Askvik, Hyllestad

Møte og saker

Styremøte	Tal saker
25. februar 2014	5
1. oktober 2014	3
Sum	8

Arbeidsutvalsmøte	Tal saker
19. juni 2014 (Telefonmøte)	2

Stillingar og tilsette

Verksemda har 2 tilsette i 100% stilling: Dagleg leiar og rådgjevar. Det var skifte av dagleg leiar i løpet av 2014. Vidar Øvrebø slutta den 25. februar. Rådgjevar Audhild Ragni Vie Alme var konstituert som dagleg leiar i tida 26. februar – 31. mars. Arnar Helgheim tok til som dagleg leiar frå og med 1. april. Kontorstad er i 3. etasje i Førde rådhus.

Arbeidsåret 2014

Ved sidan dei løpande oppgåvene knytt til planlegging, gjennomføring og etterarbeid for dei 15 kontrollutvala, tek vi med litt informasjon om nokre tema i arbeidsåret 2014:

Oppstart og opplæring

Arbeidsåret vart naturleg nok prega av skifte i stillinga som dagleg leiar. Frå 1. april og ut første halvår, prioriterte vi oppstart og opplæring mellom anna ved at både tilsette deltok på kontrollutvalsmøta og i førebuing og etterarbeid til møta.

Sak- og arkivsystem

Arbeidsutvalet gav klarsignal til at vi kunne ta i bruk Acos WebSak som sak/arkivsystem allereie frå sommaren 2014. Dette er det same systemet som kommunane i vårt område brukar. Mesteparten av arbeidstida i den møtefrie perioden om sommaren, gjekk med til innføring og opplæring i systemet. Innføringa vart dekkja innanfor budsjettet.

Hausthalvåret var WebSak i full bruk, noko som mellom anna merkast ved at alle dokumentmalar var endra.

Informasjon

I august 2014, sende vi ut eit informasjonsbrev med informasjon om:

- Fordeling av hovudansvar for utvala mellom tilsette i sekretariatet
- Innføring av Acos WebSak som er eit fullelektronisk sak- og arkivsystem
- Nye malar for alle dokument
- Tankar om innhald i saker som gjeld alle utvala: Rekneskap, forvaltningsrevisjon og oppfølgingsliste

Overordna analyse

Siste del av hausten 2014, starta vi planlegging av arbeidet med overordna analyse for neste valperiode. I første omgang har dette vore ved drøftingar med andre sekretariat og med dei to revisjonsselskapa som vert nytta (KRYSS Revisjon og Kommunerevisjonen i Nordfjord).

Ressursbruk

Dei tilsette fører timelister fordelt på kommunane og felles/administrasjon. Reiseutgifter til og frå kontrollutvalsmøte vert ført på fellesutgifter. Sommaren 2014, arbeidde dei tilsette mest med innføring av sak/arkiv-system. Dette er døme på oppgåver som er ført under administrasjon. Fordeling dei to siste åra:

Kommune / oppgåve	2013		2014	
	Timar	Prosent	Timar	Prosent
Askvoll	102	4,6 %	130	6,6 %
Bremanger	268	12,0 %	173	8,8 %
Eid	160	7,2 %	129	6,6 %
Fjaler	142	6,3 %	130	6,6 %
Flora	417	18,6 %	213	10,9 %
Førde	166	7,4 %	179	9,1 %
Gaular	107	4,8 %	101	5,2 %
Gloppen	129	5,8 %	137	7,0 %
Gulen	78	3,5 %	65	3,3 %
Hornindal	71	3,2 %	84	4,3 %
Hyllestad	126	5,6 %	151	7,7 %
Jølster	131	5,9 %	112	5,7 %
Naustdal	175	7,8 %	120	6,1 %
Solund	66	3,0 %	105	5,4 %
Stryn	99	4,4 %	133	6,8 %
Delsum	2237	100,0 %	1963	100,0 %
Felles/adm	1158		1250	
Total sum	3395		3213	

Rekneskap

	R2013	B2014	R2014
Lønsutgifter	1 535 000	1 786 000	1 742 000
Andre utgifter	482 000	570 000	445 000
Brutto utgifter	2 017 000	2 356 000	2 187 000
Inntekter	-50 000	-31 000	-57 000
Netto (=overføring frå eigarkommunane)	1 967 000	2 325 000	2 130 000

Avslutning av rekneskapen

I samband med økonomirapport, vedtok styret den 1. oktober mellom anna: «Eit eventuelt overskot i rekneskapen for 2014 vert sett av som likviditetsfond». Selskapet sin revisor tok initiativ til ei avklaring av dei formelle tilhøva med fondsavsetjing sett i lys av regleverk og vedtekter. Styreleiar og dagleg leiar hadde avklaringsmøte med revisor Markvard Sunde (Kommunerevisjonen i Nordfjord) den 16.12.14. Konklusjonen frå møtet var at selskapet berre kan setje av til fond når det ligg føre budsjett (med beløp) på slik avsetjing.

Rekneskapsresultat

Ut frå avklaringa ovanfor, rår dagleg leiar til at rekneskapen for 2014 vert avslutta på same måte som dei føregåande åra:

- Netto forbruk er kr 198.565,81 under budsjettet. Dette vert avrekna mot tilskot frå eigarkommunane i 2015.

I den framlagde rekneskapen, er det teke omsyn til dette.

Andre tilhøve

Ytre miljø

SEKOM-sekretariat si verksemd forureinar ikkje det ytre miljø.

Likestilling

Det er ein kvinneleg og ein mannleg medarbeidar. Begge i 100% stilling. Styret er sett saman av tolv menn og tre kvinner. Blant varamedlemene er det seks menn og ni kvinner.

Skader/ulukker

Det har ikkje vore registrert fysiske skader eller ulukker i 2014.

Underskrifter

Førde, 25.3.2015

Jorunn Blom Aalen

Jorunn Blom Aalen,
Askvoll

Stig Bakke

Stig Bakke, Bremanger

Torbjørn Nes Hjelle

Torbjørn Nes Hjelle,
Eid

Magne Norddal

Magne Norddal, Fjaler

(forfall), Flora

Terje Engvik

Terje Engvik, Førde
(leiar)

Joar Aarnes

Joar Aarnes, Gaular

Per Jarle Myklebust

Per Jarle Myklebust,
Gloppen

Lars Atle Larsen

Lars Atle Larsen, Gulen

Jon Åge Torheim

Jon Åge Torheim, Hornindal

(forfall), Hyllestad

Johannes Juklestad

Johannes Juklestad,
Jølster

(forfall), Naustdal

Birger Hjønnvåg

Birger Hjønnvåg,
Solund

Rune Myklebust

Rune Myklebust, Stryn

SEKOM-sekretariat

Saksgang Eid kontrollutval	Møtedato 28.04.2015	Saksnr 013/15
--------------------------------------	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-210	Arkivsaknr.: 15/236
---	-------------------------	-------------------------------

Rekneskap 2014 - Eid kommune

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
21.04.2015	Uttale til rekneskapen for 2014 (framlegg)	2168
20.04.2015	Rekneskap 2014 Eid kommune	2157
20.04.2015	Eid kommune - saksutgreiing til kommunestyret.pdf	2158
20.04.2015	Eid kommune - rekneskap 2014.pdf	2159
20.04.2015	Årsmelding 2014 Eid kommune.pdf	2160

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Saka går vidare til kommunestyret)

Kontrollutvalet sin uttale til rekneskapen 2014 for Eid kommune vert vedteken.

...

Saksutgreiing:

I denne saka, skal kontrollutvalet gi uttale til kommunestyret om rekneskap 2014 for Eid kommune. Den formelle tilrådinga til kommunestyret kjem frå formannskapet. Formannskapet skal ha kopi av kontrollutvalet sin uttale før dei handsamar saka.

SEKOM-sekretariat har endra på malen for uttale til rekneskap, og legg m.a. ikkje opp til å velje ut og kommentere nøkkeltal frå rekneskapen, jamfør [informasjonsbrev frå SEKOM](#) datert 31.7.2014. Kontrollutvalet står likevel fritt til å forme uttale til kommunestyret.

SEKOM-sekretariat viser til rekneskap og årsmelding frå Eid kommune, samt til revisjonsmeldinga frå Kommunerevisjonen i Nordfjord datert 27.3.2015.

Revisjonsmeldinga inneheld ingen atterhald eller presiseringar og sekretariatet sitt framlegg til uttale har difor heller ingen slike merknader (sjå vedlegg).

Sekretariatet rår til følgjande uttale:

Kontrollutvalet tilrår at rekneskapen for Eid kommune vert godkjent.

Administrasjonen v/rådmannen og Kommunerevisjonen i Nordfjord er innkalla til møtet.

Eid kontrollutval

Eid kommunestyre

Dato: 28.4.2015
Vår referanse: 15/739
Arkiv: FE-210

Uttale til rekneskapen for 2014

Årsrekneskapen 2014 for Eid kommune er handsama i kontrollutvalet den 28.4.2015.

Grunnlaget for kontrollutvalet si handsaming har vore:

- Den avlagde årsrekneskapen datert 30.3.15
- Årsmeldinga frå rådmannen datert 20.3.15
- Revisjonsmeldinga datert 27.3.15

Både driftsrekneskapen og investeringsrekneskapen er avslutta utan rekneskapsmessig meirforbruk eller mindreforbruk.

Revisjonsmeldinga inneheld ikkje presiseringar eller atterhald.

Kontrollutvalet tilrår at rekneskapen for Eid kommune vert godkjent.

Eid kontrollutval

Roy André H Bruvoll
(leiar)

Kristen Hundeide
(nestleiar)

Hilde Henriksen

Siv Emdal

Per Tore Borgund

Fra: Ole Starheim <Ole.Starheim@eid.kommune.no>
Sendt: 17. april 2015 12:59
Til: Arnar Helgheim
Emne: Rekneskap 2014 Eid kommune
Vedlegg: Eid kommune - saksutgreiing til kommunestyret.pdf; Eid kommune - rekneskap 2014.pdf; Årsmelding 2014 Eid kommune.pdf

Hei,

Vedlagt følgjer dokument vedkomande Eid kommune sin rekneskap for 2014:

- Saksutgreiinga til kommunestyret
- Samla rekneskapshefte inkl revisjonsmelding fremst i heftet
- Årsmelding 2014

Med helsing

Ole Starheim
Økonomisjef i Eid kommune
57 88 58 81 / 913 20 144





EID KOMMUNE

Møtebok

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Finansutvalet	30.04.2015		OST
Formannskapet	30.04.2015		OST
Kommunestyret	07.05.2015		OST

Avgjerd av: Kommunestyret	Arkiv: 212	Arkivsaknr
Saksbehandler: Ole Starheim	Objekt:	14/2015

Rekneskap 2014 - Eid kommune

Prenta vedlegg:

- Rekneskapen til Eid kommune for 2014, inkludert revisjonsmelding datert 27.03.2015
- Kopi av kontrollutvalet sin uttale til rekneskapen for 2014 (vert lagt fram i finansutvalet og formannskapet sitt møte)

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

- Kommunelova – lov av 25.09.1992 nr. 107
- Forskrift om årsrekneskap og årsmelding – forskrifter med heimel i kommunelova § 48 nr. 6, fastsett 15.12.2000
- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar – forskrift med heimel i kommunelova § 77 nr. 11, fastsett 15.06.2004.

Bakgrunn for saka:

Kommunelova § 48 nr. 3:

"Kommunestyret vedtar selv årsregnskapet. Vedtaket treffes på grunnlag av innstilling fra formannskapet.... Vedtaket må angi disponering av regnskapsmessig overskudd eller dekning av regnskapsmessig underskudd."

Når det vert lagt fram eit rekneskapsmessig overskot som skal disponerast av kommunestyret, er det ein ryddig måte å setje dette av til disposisjonsfond. Seinare bruk av disposisjonsfondet kjem då opp i eigne utgreidde saker. Det er berre kommunestyret som seinare kan gjere vedtak om bruk av slikt disposisjonsfond.

Etter forskrift om kontrollutval § 7, skal kontrollutvalet gje uttale om årsrekneskapen før denne blir vedteken av kommunestyret. Uttalen skal gjevast til kommunestyret. Kopi av uttalen skal vere formannskapet i hende tidsnok til at formannskapet kan ta omsyn til den før dette organet gjev si innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

Saksutgreiing:

Rekneskapen er avlagt med eit rekneskapsmessig resultat lik kr 0,-. I dette resultatet inngår m.a. strykning på kr 116.000,- på vedteken avsetning til disposisjonsfond. Dette er gjort i samsvar med regelverk for å unngå underskot i rekneskapen. Den vedtekte avsetninga gjeld overskot frå 2013 på kr 2,7 mill, som blei vedteke avsett til disposisjonsfond når rekneskapen for 2013 blei vedteken i mai 2014. Dersom rekneskapen viser eit underskot, må slike vedtekte avsetningar strykast inntil rekneskapen er i null. Dermed blei denne avsetninga redusert til kr 2,6 mill.

Den kommunale tenesteytinga (utanom finanspostar) har samla eit overforbruk på kr 3,7 mill. Dette er nærare omtalt i årsmeldinga kap. 3.6. I årsmeldinga finn ein også meir utfyllande kommentarar og oppstillingar til rekneskapen for 2014.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Den framlagde rekneskapen, som viser eit rekneskapsmessig resultat lik null, vert fastsett som Eid kommune sin årsrekneskap for 2014.

Åslaug Krogsæter
-rådmann-



EID KOMMUNE

REKNESKAP 2014



EID KOMMUNESTYRE 07.05.15
Arkivsak 14/2015

INNHALD

Revisjonsmelding	SIDE 1
Hovudoversikter	SIDE 3
Rekneskapskjema 1A – 1B – 2A – 2B i h.h.t. forskrift	SIDE 7
Notar	SIDE 10
Driftsrekneskap:	
Forbruk pr. avdeling	SIDE 26
Ansvar 8000, felles inntekter og utgifter	SIDE 27
Investeringsrekneskap pr. prosjekt	SIDE 30
Balanserekneskap detaljert oversikt	SIDE 44

KOMMUNEREVISJONEN I NORDFJORD

Til

Kommunestyret i Eid kommune

Kopi til:

Kontrollutvalet
Formannskapet
Rådmannen
Økonomisjefen

Revisjonsmelding 2014

Uttale om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Eid kommune som viser kr 308 984 451,45 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig resultat på kr 0. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31.12., driftsrekneskap, investeringsrekneskap, økonomiske oversikter, ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta og andre noteopplysningar.

Administrasjonssjefen sitt ansvar for årsrekneskapen

Administrasjonssjefen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk, og for slik intern kontroll som administrasjonssjefen finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følge av misleghald eller feil.

Revisors oppgåver og plikter

Oppgåva vår er å gi uttrykk for ei meining om årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk, medrekna internasjonale standardar for revisjon. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å sikre at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisors skjønn, mellom anna vurdering av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleghald eller feil. Ved slik risikovurdering tar revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for kommunen si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir ei dekkande framstilling. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne

Org.nr:	Kommune:	Adresse:		Telefon:
976 304 470	EID	Rådhusvegen 11	6770 Nordfjordeid	57 88 58 87
	GLOPPEN	Grandavegen 9	6821 Sandane	57 00 92 64
E-postadresse:	HORNINDAL	Postboks 24	6761 Hornindal	57 87 98 08
revisor@stryn.kommune.no	SELJE		6740 Selje	97 99 04 26
	STRYN	Tonningsgata 4	6783 Stryn	57 87 48 18 -19
	VÅGSØY	Postboks 294	6701 Måløy	57 84 50 29

KOMMUNEREVISJONEN I NORDFJORD

kontroll. Revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Konklusjon

Vi meiner at årsrekneskapen er avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen per 31.12. og av resultatet for rekneskapsåret.

Uttale om andre tilhøve

Konklusjon om budsjett

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.


Konklusjon om årsmeldinga


Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 "Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon", meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk.

Nordfjordeid, den 27.03.2015


Markvard Sunde
Revisjonssjef


Kay Rune Solheim
Revisor



Økonomisk oversikt - drift

1 EID KOMMUNE - 2014

30.03.2015

	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
Driftsinntekter				
Brukerbetalinger	18.801.404,07	18.822.700,00	18.572.700,00	18.571.598,00
Andre salgs- og leieinntekter	34.615.174,02	34.946.200,00	34.718.200,00	35.644.824,37
Overføringer med krav til motytelse	68.639.072,99	46.783.300,00	41.391.300,00	62.783.363,34
Rammetilskudd	173.482.116,00	174.396.000,00	174.287.000,00	167.899.258,00
Andre statlige overføringer	13.404.534,00	12.880.000,00	12.880.000,00	9.326.845,00
Andre overføringer	3.061.035,91	3.819.200,00	5.027.000,00	1.393.146,00
Skatt på inntekt og formue	124.434.125,44	124.766.000,00	127.266.000,00	122.483.087,50
Eiendomsskatt	5.874.545,00	5.890.000,00	2.500.000,00	0,00
Andre direkte og indirekte skatter	52.101,00	50.000,00	50.000,00	49.801,00
Sum driftsinntekter	442.364.108,43	422.353.400,00	416.692.200,00	418.151.923,21
Driftsutgifter				
Lønnsutgifter	231.248.977,50	220.268.200,00	219.612.600,00	222.018.835,03
Sosiale utgifter	53.992.456,38	55.927.900,00	54.915.000,00	50.208.555,73
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	64.281.323,38	55.437.700,00	64.438.400,00	57.391.728,94
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	51.573.416,01	49.203.100,00	48.064.100,00	43.810.530,26
Overføringer	39.722.884,58	38.429.400,00	30.989.200,00	38.942.467,92
Avskrivninger	17.649.423,00	16.500.000,00	16.500.000,00	17.272.501,00
Fordelte utgifter	-6.717.919,41	-6.170.300,00	-17.457.500,00	-4.785.016,23
Sum driftsutgifter	451.750.561,44	429.596.000,00	417.061.800,00	424.859.602,65
Brutto driftsresultat	-9.386.453,01	-7.242.600,00	-369.600,00	-6.707.679,44
Finansinntekter				
Renteinntekter og utbytte	7.130.353,59	5.407.000,00	3.781.000,00	5.475.307,53
Gevinst på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	6.637.143,00	4.600.000,00	4.600.000,00	10.569.455,00
Mottatte avdrag på utlån	0,00	10.000,00	10.000,00	4.500,00
Sum eksterne finansinntekter	13.767.496,59	10.017.000,00	8.391.000,00	16.049.262,53
Finansutgifter				
Renteutgifter og låneomkostninger	11.155.866,42	10.824.000,00	12.261.000,00	11.171.629,97
Tap på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	1.837.130,00	0,00	0,00	1.534.533,00
Avdrag på lån	15.253.577,00	15.368.000,00	15.368.000,00	14.197.840,63
Utlån	0,00	10.000,00	10.000,00	0,00
Sum eksterne finansutgifter	28.246.573,42	26.202.000,00	27.639.000,00	26.904.003,60
Resultat eksterne finanstransaksjoner	-14.479.076,83	-16.185.000,00	-19.248.000,00	-10.854.741,07
Motpost avskrivninger	17.649.423,00	16.500.000,00	16.500.000,00	17.272.501,00
Netto driftsresultat	-6.216.106,84	-6.927.600,00	-3.117.600,00	-289.919,51
Interne finanstransaksjoner				
Bruk av tidligere års regnsk.m. mindreforbruk	2.691.441,67	2.691.441,67	0,00	2.513.724,54
Bruk av disposisjonsfond	3.795.022,80	3.819.000,00	1.025.000,00	3.980.440,74
Bruk av bundne fond	4.437.855,74	3.158.600,00	2.726.600,00	3.497.413,57
Sum bruk av avsetninger	10.924.320,21	9.669.041,67	3.751.600,00	9.991.578,85
Overført til investeringsregnskapet	0,00	0,00	0,00	2.010.921,69
Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk	0,00	0,00	0,00	0,00
Avsatt til disposisjonsfond	2.585.730,62	2.691.441,67	584.000,00	2.771.132,54
Avsatt til bundne fond	2.122.482,75	50.000,00	50.000,00	2.228.163,44
Sum avsetninger	4.708.213,37	2.741.441,67	634.000,00	7.010.217,67
Regnskapsmessig mer/mindreforbruk	0,00	0,00	0,00	2.691.441,67



Økonomisk oversikt - investering

1 EID KOMMUNE - 2014

30.03.2015

	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
Inntekter				
Salg av driftsmidler og fast eiendom	5.949.207,37	160.000,00	240.000,00	914.067,29
Andre salgsinntekter	1.003.816,07	0,00	0,00	287.456,77
Overføringer med krav til motytelse	2.193.800,00	961.000,00	2.650.000,00	1.213.447,00
Kompensasjon for merverdiavgift	4.219.535,20	3.434.000,00	4.525.000,00	0,00
Statlige overføringer	0,00	0,00	0,00	0,00
Andre overføringer	300.000,00	0,00	0,00	0,00
Renteinntekter og utbytte	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum inntekter	13.666.358,64	4.555.000,00	7.415.000,00	2.414.971,06
Utgifter				
Lønnsutgifter	334.024,58	0,00	0,00	0,00
Sosiale utgifter	98.535,15	0,00	0,00	0,00
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	71.675.370,03	71.819.000,00	50.600.000,00	32.237.730,84
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	74.964,00	20.000,00	0,00	1.168,00
Overføringer	5.984.905,53	6.087.000,00	6.590.000,00	5.203.021,69
Renteutgifter og omkostninger	0,00	0,00	0,00	0,00
Fordelte utgifter	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum utgifter	78.167.799,29	77.926.000,00	57.190.000,00	37.441.920,53
Finansransaksjoner				
Avdrag på lån	1.392.887,00	0,00	0,00	435.647,37
Utlån	3.763.335,00	0,00	0,00	3.105.000,00
Kjøp av aksjer og andeler	905.971,00	906.000,00	700.000,00	722.893,00
Dekning av tidligere års udekket	1.821.106,15	0,00	0,00	621.718,20
Avsatt til ubundne investeringsfond	6.273.108,37	186.000,00	0,00	2.964.468,80
Avsatt til bundne investeringsfond	1.932.331,02	1.250.000,00	0,00	922.698,63
Sum finansieringstransaksjoner	16.088.738,54	2.342.000,00	700.000,00	8.772.426,00
Finansieringsbehov	80.590.179,19	75.713.000,00	50.475.000,00	43.799.375,47
Dekket slik:				
Bruk av lån	72.636.641,20	70.466.000,00	49.775.000,00	36.991.366,57
Salg av aksjer og andeler	186.446,00	186.000,00	0,00	0,00
Mottatte avdrag på utlån	1.731.643,67	0,00	0,00	2.219.777,00
Overført fra driftsbudsjettet	0,00	0,00	0,00	2.010.921,69
Bruk av tidligere års udisponert	0,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av disposisjonsfond	73.027,25	88.000,00	0,00	86.118,50
Bruk av bundne driftsfond	66.762,61	67.000,00	0,00	102.039,00
Bruk av ubundne investeringsfond	4.726.733,71	4.727.000,00	700.000,00	1.026.093,50
Bruk av bundne investeringsfond	1.168.924,75	179.000,00	0,00	76.743,00
Sum finansiering	80.590.179,19	75.713.000,00	50.475.000,00	42.513.059,26
Udekket/udisponert	0,00	0,00	0,00	-1.286.316,21



1 EID KOMMUNE - 2014

30.03.2015

	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
Anskaffelse og anvendelse av midler				
Anskaffelse av midler				
Inntekter driftsdel (kontoklasse 1)	442.364.108,43	422.353.400,00	416.692.200,00	418.151.923,21
Inntekter investeringsdel (kontoklasse 0)	13.666.358,64	4.555.000,00	7.415.000,00	2.414.971,06
Innbetalinger ved eksterne finanstransaksjoner	88.322.227,46	80.669.000,00	58.166.000,00	55.260.406,10
Sum anskaffelse av midler	544.352.694,53	507.577.400,00	482.273.200,00	475.827.300,37
Anvendelse av midler				
Utgifter driftsdel (kontoklasse 1)	434.101.138,44	413.096.000,00	400.561.800,00	407.587.101,65
Utgifter investeringsdel (kontoklasse 0)	78.167.799,29	77.926.000,00	57.190.000,00	37.441.920,53
Utbetaling ved eksterne finanstransaksjoner	34.308.766,42	27.108.000,00	28.339.000,00	31.167.543,97
Sum anvendelse av midler	546.577.704,15	518.130.000,00	486.090.800,00	476.196.566,15
Anskaffelse - anvendelse av midler				
	-2.225.009,62	-10.552.600,00	-3.817.600,00	-369.265,78
Endring i ubrukte lånemidler	-31.601.641,20	0,00	0,00	3.508.633,43
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK Drift	0,00	0,00	0,00	0,00
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK Invest	0,00	0,00	0,00	0,00
Endring i arbeidskapital	-33.826.650,82	-10.552.600,00	-3.817.600,00	3.139.367,65
Avsetninger og bruk av avsetninger				
Avsetninger	14.734.758,91	4.177.441,67	634.000,00	12.199.623,28
Bruk av avsetninger	16.959.768,53	14.730.041,67	4.451.600,00	11.282.572,85
Til avsetning senere år	0,00	0,00	0,00	1.286.316,21
Netto avsetninger	-2.225.009,62	-10.552.600,00	-3.817.600,00	-369.265,78
Int. overføringer og fordelinger				
Interne inntekter mv	24.520.542,41	22.823.500,00	34.110.700,00	24.221.638,92
Interne utgifter mv	24.520.542,41	22.823.500,00	34.110.700,00	24.221.638,92
Netto interne overføringer	0,00	0,00	0,00	0,00



Oversikt - balanse

1 EID KOMMUNE - 2014

30.03.2015

	Regnskap 2014	Regnskap 2013
EIENDELER		
Anleggsmidler	956.244.574,54	864.694.287,21
Herav:		
Faste eiendommer og anlegg	513.011.022,00	461.012.136,00
Utstyr, maskiner og transportmidler	22.949.551,00	19.590.792,00
Utlån	8.496.548,54	6.476.857,21
Konserninterne langsiktige fordringer	0,00	0,00
Aksjer og andeler	16.828.343,00	17.794.973,00
Pensjonsmidler	394.959.110,00	359.819.529,00
Omløpsmidler	192.051.664,45	223.230.737,35
Herav:		
Kortsiktige fordringer	51.782.877,38	40.615.998,97
Konserninterne kortsiktige fordringer	1.000.000,00	1.000.000,00
Premieavvik	21.318.778,00	15.057.518,00
Aksjer og andeler	31.412.956,00	39.233.641,00
Sertifikater	0,00	0,00
Obligasjoner	58.110.223,00	77.899.735,00
Derivater	0,00	0,00
Kasse, postgiro, bankinnskudd	28.426.830,07	49.423.844,38
SUM EIENDELER	1.148.296.238,99	1.087.925.024,56
EGENKAPITAL OG GJELD		
Egenkapital	140.580.466,82	135.370.086,31
Herav:		
Disposisjonsfond	15.950.023,40	17.232.342,83
Bundne driftsfond	10.382.861,86	12.764.997,46
Ubundne investeringsfond	84.625.120,45	83.078.745,79
Bundne investeringsfond	2.092.910,00	1.329.503,73
Regnskapsmessig mindreforbruk	0,00	2.691.441,67
Regnskapsmessig merforbruk	0,00	0,00
Udisponert i inv.regnskap	0,00	0,00
Udekket i inv.regnskap	-983.687,85	-2.804.794,00
Kapitalkonto	29.482.264,30	22.046.874,17
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK Drift	4.231.258,00	4.231.258,00
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK Invest	-5.200.283,34	-5.200.283,34
Langsiktig gjeld	941.478.125,00	888.964.869,00
Herav:		
Pensjonsforpliktelser	506.212.802,00	478.088.082,00
Ihendehaverobligasjonslån	0,00	0,00
Sertifikatlån	0,00	0,00
Andre lån	435.265.323,00	410.876.787,00
Konsernintern langsiktig gjeld	0,00	0,00
Kortsiktig gjeld	66.237.647,17	63.590.069,25
Herav:		
Kassekredittlån	0,00	0,00
Annen kortsiktig gjeld	64.559.975,17	61.641.966,25
Derivater	0,00	0,00
Konsernintern kortsiktig gjeld	0,00	0,00
Premieavvik	1.677.672,00	1.948.103,00
SUM EGENKAPITAL OG GJELD	1.148.296.238,99	1.087.925.024,56
MEMORIAKONTI		
Memoriakonto	17.621.055,06	49.080.696,26
Herav:		
Ubrukte lånemidler	14.715.814,76	46.317.455,96
Ubrukte konserninterne lånemidler	0,00	0,00
Andre memoriakonti	2.905.240,30	2.763.240,30
Motkonto til memoriakontiene	-17.621.055,06	-49.080.696,26

	Rekneskap 2014	Regulert budsjett -14	Opprinneleg budsjett -14	Rekneskap 2013
Rekneskapskjema 1A - drift				
Skatt på inntekt og formue	124 434 125	124 766 000	127 266 000	122 483 088
Ordinært rammetilskudd	173 482 116	174 396 000	174 287 000	167 899 258
Skatt på eigedom	5 874 545	5 890 000	2 500 000	0
Andre direkte eller indirekte skattar	52 101	50 000	50 000	49 801
Andre generelle statsstilskudd	13 404 534	12 880 000	12 880 000	9 326 845
Sum frie disponible inntekter	317 247 421	317 982 000	316 983 000	299 758 992
Renteinntekter, utbyte og andre fin. Innt.	7 130 354	5 407 000	3 781 000	5 475 308
Gevinst finansielle instrument	6 637 143	4 600 000	4 600 000	10 569 455
Renteutg.,provisjoner og andre fin.utg.	11 155 866	10 824 000	12 261 000	11 171 630
Tap finansielle instrument	1 837 130	0	0	1 534 533
Avdrag på lån	15 253 577	15 368 000	15 368 000	14 197 841
Netto finansinnt./utg.	-14 479 077	-16 185 000	-19 248 000	-10 859 241
Til dekning av tidf. reknesk.m. meirforbruk	0	0	0	0
Til ubundne avsetningar	2 585 731	2 691 442	584 000	2 771 133
Til bundne avsetningar	2 122 483	50 000	50 000	2 228 163
Bruk av tidlegare reknesk.m. mindreforbruk	2 691 442	2 691 442	0	2 513 725
Bruk av ubundne avsetningar	3 795 023	3 819 000	1 025 000	3 980 441
Bruk av bundne avsetningar	4 437 856	3 158 600	2 726 600	3 497 414
Netto avsetningar	6 216 106	6 927 600	3 117 600	4 992 283
Overført til investeringsrekneskapen	0	0	0	2 010 922
Til fordeling drift	308 984 451	308 724 600	300 852 600	291 881 112
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	308 984 451	308 724 600	300 852 600	289 189 670
Rekneskapsmessig meir/mindreforbruk	0	0	0	2 691 442

Rekneskapskjema 1B - drift

Fellespostar frå ansvar 8000 som ikkje inngår i skjema 1A:

Avsett til lønsauke	0	0	6 276 000	0
Utbetaling av tilskot	2 061 525	1 866 000	142 000	955 698
Premieavvik pensjon inkl. arb.gj.avg.	-10 128 141	-7 496 000	508 000	399 581
Mva.kompensasjon drift	0	0	0	-2 738 535
Rentekompensasjonar	0	0	0	0
Anna	33 560	0	98 000	72 671
Sum fellespostar utanom skjema 1A	-8 033 056	-5 630 000	7 024 000	-1 310 585

Forbruk pr. rammeområde:

Sentraladministrasjon inkl. politisk styring, tilskot til revisjon, kyrkjeformål	32 479 693	32 303 000	28 435 000	27 687 274
Oppvekst og kultur	116 512 256	116 080 300	113 803 300	111 652 703
Pleie og omsorg	71 277 829	70 734 600	66 035 600	67 480 836
Helse og sosial	60 504 258	59 037 000	54 634 700	51 556 588
Teknisk inkl. kalk. kostn. VAR	30 131 827	29 069 100	27 015 400	26 816 885
Sum brukt pr. rammeområde	310 905 863	307 224 000	289 924 000	285 194 286
Bruk av/avsett til fond i rammene	5 963 947	6 949 600	3 723 600	5 127 907
Generelt statstilskot ført i rammene	0	0	0	0
Renteutg./inntekt ført i rammene	147 697	181 000	181 000	178 062
Sum fordelt drift (jfr. skjema 1A)	308 984 451	308 724 600	300 852 600	289 189 670

	Rekneskap 2014	Regulert budsjett -14	Opprinneleg budsjett -14	Rekneskap 2013
Rekneskapskjema 2A - investering				
Investeringar i anleggsmidlar	78 167 799	168 512 000	57 190 000	37 441 921
Utlån og forskutteringar	3 763 335	0	0	3 105 000
Kjøp av aksjar og andelar	905 971	906 000	700 000	722 893
Avdrag på lån	1 392 887	0	0	435 647
Dekning av tidlegare års udekka	1 821 106	0	0	621 718
Avsetningar	8 205 439	5 551 000	0	3 887 167
Årets finansieringsbehov	94 256 538	174 969 000	57 890 000	46 214 347
Finansiert slik:				
Bruk av lånemidlar	72 636 641	145 589 000	49 775 000	36 991 367
Inntekter frå sal av anleggsmidlar	6 135 653	426 000	240 000	914 067
Tilskudd til investeringar	300 000	250 000	0	0
Kompensasjon av meirverdiavgift	4 219 535	12 769 000	4 525 000	0
Mottekne avdrag på lån og refusjonar	3 925 444	9 570 000	2 650 000	3 433 224
Andre inntekter	1 003 816	0	0	287 457
Sum ekstern finansiering	88 221 090	168 604 000	57 190 000	41 626 115
Overført frå driftsrekneskapen	0	0	0	2 010 922
Bruk av tidlegare års udisponert	0	0	0	0
Bruk av avsetningar	6 035 448	6 365 000	700 000	1 290 994
Sum finansiering	94 256 538	174 969 000	57 890 000	44 928 030
Udekka	0	0	0	-1 286 316

Rekneskapskjema 2B - investering

"Årets finansieringsbehov" i skjema 2A fordelt på investeringsprosjekt:

1002 Eigenkapitalauke KLP	830 971	831 000
1005 Startlån ekstra innbet. avdrag	1 337 492	0
1006 Eigarskap i selskap	261 446	261 000
1009 Startlån	4 166 222	0
1018 Breiband kommunale bygg	346 748	347 000
1030 IKT-utstyr felles	252 856	787 000
1033 Fiber felles Nordfjord	38 496	1 486 000
1034 Fiber krinsskulane i Eid	317 336	315 000
1040 Trådlaust nett - rådhuset	77 233	187 000
1041 IKT felles Nordfjord frå 2014	144 628	0
1150 Inv.tilskot Fellesrådet	2 065 000	2 065 000
2205 Bosskur skular/bhg	0	400 000
2206 IKT-utstyr skulane i Eid	637 646	1 250 000
2605 Inventar Vallhall og Eid Idrettshus	0	346 000
3604 Sengar/utstyr institusjonane	109 105	232 000
4005 Digitalt planarkiv	293 512	489 000
4008 GIS-utstyr 2012	13 535	14 000
4009 Investeringar brannvesenet 2013	1 700 357	1 875 000
4105 Badstutomta i Eidsgata	0	170 000
4106 Klatrepark i kyrkjeparken	0	960 000
4218 Tiltak vassledn.nettet	38 271	1 014 000
4231 Holmøyane VA-utbygging	414 574	0
4240 Tiltak hovudplan avløp	785 230	5 351 000
4246 Hornindalsv. VA - hovudutbygging	10 029 152	19 500 000
4335 Bjørhovdevegen - oppgradering	0	495 000
4339 Utbyggingsavtale veg til Lunden	0	449 000
4344 Gangveg RV 15/E 39	958 955	0
4350 Tiltak kommunedelplan veg	2 984 319	3 045 000
4351 Maskiner driftsavd	1 171 673	1 047 000
4353 Veg ytre Naustdal - oppgradering	273 472	314 000

27.02.2015

	Rekneskap 2014	Regulert budsjett -14	Opprinneleg budsjett -14	Rekneskap 2013
4355 Trafikktryggingstiltak 2014	273 919	500 000		
4356 Løkja - veg til naust	216 000	216 000		
4455 Nordfjordeid skule - byggesteg 2	0	524 000		
4457 Skatepark v/Eid idrettspark	471 227	474 000		
Rekneskapsmessig resultat for 2014 vart kr 0,-. I dette ligg m.a strykning på kr 116.000,- på avsetningar til disposisjonsfond. Brutto driftsresultat er på minus kr 9,4 mill, og utgjer minus 2,1 % av kommunen sine brutto driftsinntekter. Dette er ein sterk nedgang frå året før. Frå 2009 til 2014 har brutto driftsresultat gått frå pluss 4,6 % til minus 2,1 %. Dette er ei uheldig utvikling for kommunen sin økonomiske situasjon, og kommunen gjer seg med dette meir og meir avhengig av eksterne finansinntekter og bruk av fond for å balansere drifta. Dersom kommunen på lengre sikt skal vere i stand til å betale finansutgifter frå lånegjelda ved auke i årlege avdrag og auke i rentenivået, utan å bruke av tidlegare års avsetningar, må brutto driftsresultat tilbake på plussida. Den vedtekte innføringa av eigedomsskatt har gitt auke i brutto driftsinntekt, men likevel ser vi eit meir negativt resultat. Dei komande åra vil kommunen få ein sterk vekst i finansutgiftene (renter og avdrag) i samband med blant anna bygging av omsorgssenter og fleirbrukshall ved Nordfjordeid skule. Disse utfordringane såg ein også tydeleg i sist vedtekte økonomiplan, der kommunestyret har gjort vedtak om at det skal gjennomførast store innsparingstiltak med effekt alt frå 2016.

Nordfjordeid 20.03.2015

Åslaug Krogsæter
Rådmann

1 KOMMENTARAR TIL REKNESKAPEN

1.1 Resultatoversikt 2014

Økonomisk oversikt - drift	Rekneskap 2014	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Rekneskap 2013
Driftsinntekter				
Brukarbetalingar	18.801.404,07	18.822.700,00	18.572.700,00	18.571.598,00
Andre sals- og leigeinntekter	34.615.174,02	34.946.200,00	34.718.200,00	35.644.824,37
Overføringar med krav til motyting	68.639.072,99	46.783.300,00	41.391.300,00	62.783.363,34
Rammetilskot	173.482.116,00	174.396.000,00	174.287.000,00	167.899.258,00
Andre statlege overføringar	13.404.534,00	12.880.000,00	12.880.000,00	9.326.845,00
Andre overføringar	3.061.035,91	3.819.200,00	5.027.000,00	1.393.146,00
Skatt på inntekt og formue	124.434.125,44	124.766.000,00	127.266.000,00	122.483.087,50
Eigedomsskatt	5.874.545,00	5.890.000,00	2.500.000,00	0,00
Andre direkte og indirekte skattar	52.101,00	50.000,00	50.000,00	49.801,00
Sum driftsinntekter	442.364.108,43	422.353.400,00	416.692.200,00	418.151.923,21
Driftsutgifter				
Lønsutgifter	231.248.977,50	220.268.200,00	219.612.600,00	222.018.835,03
Sosiale utgifter	53.992.456,38	55.927.900,00	54.915.000,00	50.208.555,73
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	64.281.323,38	55.437.700,00	64.438.400,00	57.391.728,94
Kjøp av tjenester som erstattar tj.produksjon	51.573.416,01	49.203.100,00	48.064.100,00	43.810.530,26
Overføringar	39.722.884,58	38.429.400,00	30.989.200,00	38.942.467,92
Avskrivningar	17.649.423,00	16.500.000,00	16.500.000,00	17.272.501,00
Fordelte utgifter	-6.717.919,41	-6.170.300,00	-17.457.500,00	-4.785.016,23
Sum driftsutgifter	451.750.561,44	429.596.000,00	417.061.800,00	424.859.602,65
Brutto driftsresultat	-9.386.453,01	-7.242.600,00	-369.600,00	-6.707.679,44
Finansinntekter				
Renteinntekter og utbyte	7.130.353,59	5.407.000,00	3.781.000,00	5.475.307,53
Gevinst på finansielle instrument (omløpsmidlar)	6.637.143,00	4.600.000,00	4.600.000,00	10.569.455,00
Mottekne avdrag på utlån	0,00	10.000,00	10.000,00	4.500,00
Sum eksterne finansinntekter	13.767.496,59	10.017.000,00	8.391.000,00	16.049.262,53
Finansutgifter				
Renteutgifter og låneomkostningar	11.155.866,42	10.824.000,00	12.261.000,00	11.171.629,97
Tap på finansielle instrument (omløpsmidlar)	1.837.130,00	0,00	0,00	1.534.533,00
Avdrag på lån	15.253.577,00	15.368.000,00	15.368.000,00	14.197.840,63
Utlån	0,00	10.000,00	10.000,00	0,00
Sum eksterne finansutgifter	28.246.573,42	26.202.000,00	27.639.000,00	26.904.003,60
Resultat eksterne finanstransaksjonar	-14.479.076,83	-16.185.000,00	-19.248.000,00	-10.854.741,07
Motpost avskrivningar	17.649.423,00	16.500.000,00	16.500.000,00	17.272.501,00
Netto driftsresultat	-6.216.106,84	-6.927.600,00	-3.117.600,00	-289.919,51
Interne finanstransaksjonar				
Bruk av tidlegare års reknesk.m. mindreforbruk	2.691.441,67	2.691.441,67	0,00	2.513.724,54
Bruk av disposisjonsfond	3.795.022,80	3.819.000,00	1.025.000,00	3.980.440,74
Bruk av bundne fond	4.437.855,74	3.158.600,00	2.726.600,00	3.497.413,57
Sum bruk av avsetningar	10.924.320,21	9.669.041,67	3.751.600,00	9.991.578,85
Overført til investeringsrekneskopen	0,00	0,00	0,00	2.010.921,69
Dekning av tidlegare års reknesk.m. meirforbruk	0,00	0,00	0,00	0,00
Avsett til disposisjonsfond	2.585.730,62	2.691.441,67	584.000,00	2.771.132,54
Avsett til bundne fond	2.122.482,75	50.000,00	50.000,00	2.228.163,44
Sum avsetningar	4.708.213,37	2.741.441,67	634.000,00	7.010.217,67
Rekneskapsmessig meir/mindreforbruk	0,00	0,00	0,00	2.691.441,67

1.2 Resultatutvikling dei siste åra

(Tal i tusen)	År	2014	2013	2012	2011	2010
Brutto driftsinntekt		442 364	418 152	390 550	373 725	344 946
Utgifter inkl. avskrivningar		-451 750	-424 860	-392 327	-366 477	-340 322
Brutto driftsres.		-9 386	-6 708	-1 777	7 248	4 624
Br. res. i % av brt. driftsinntekt		-2,12	-1,60	-0,45	1,94	1,34
Renteinntekter, kursvinst, utbyte		13 767	16 044	13 693	11 352	17 082
Mottekne avdrag på utlån		-	5	6	10	35
Sum finansinntekter		13 767	16 049	13 699	11 362	17 117
Renteutgifter, kurstap, etc.		-12 992	-12 706	-13 646	-22 789	-13 980
Avdrag på lån		-15 254	-14 198	-12 855	-11 559	-10 621
Utlån		-	-	-	-	-12
Sum finansutgifter		-28 246	-26 904	-26 501	-34 348	-24 613
Brutto driftsres.		-9 386	-6 708	-1 777	7 248	4 624
Finansinntekter		13 767	16 049	13 699	11 362	17 117
Finansutgifter		-28 246	-26 904	-26 501	-34 348	-24 613
Motpost avskrivningar		17 649	17 274	16 106	14 917	13 849
Netto driftsres		-6 216	-289	1 527	-821	10 977
Nto. res. i % av brt. driftsinntekt		-1,41	-0,07	0,39	-0,22	3,18
Bruk av avsetningar		10 924	9 991	11 058	22 365	12 585
Avsetningar		-4 708	-7 010	-10 070	-17 730	-15 597
Rekneskapsmessig resultat		-	2 692	2 515	3 814	7 965

Rekneskapsmessig resultat for 2014 vart kr 0,-. I dette resultatet ligg det ei redusert avsetning (strykning) til disposisjonsfond på kr 116.000,-.

Brutto driftsresultat er på minus kr 9,4 mill, og utgjer minus 2,1 % av kommunen sine brutto driftsinntekter. Dette er ein sterk nedgang frå året før, og som no har blitt forsterka i løpet av fleire år. Frå 2009 til 2014 har brutto driftsresultat gått frå pluss 4,6 % til minus 2,1 %. Dette er ei uheldig utvikling for kommunen sin økonomiske situasjon, og kommunen gjer seg med dette meir og meir avhengig av eksterne finansinntekter for å balansere drifta. Dersom kommunen på lengre sikt skal vere i stand til å betale finansutgifter frå lånegjelda ved auke i årlege avdrag og auke i rentenivået, utan å bruke av tidlegare års avsetningar, må brutto driftsresultat tilbake på plussida. Den vedtekne innføringa av eigedomsskatt har ført til auke i brutto driftsinntekter, men brutto driftsutgifter har likevel auka meir enn dette. Samstundes veit vi at kommunen vil få sterk auke i finansutgiftene dei neste åra i samband med blant anna bygging av omsorgssenter, idrettshall ved Nordfjordeid skule og andre vedtekne investeringar for 2015 og utover.

Netto driftsresultat er på minus kr 6,2 mill. Dette er minus 1,41 % rekna av kommunen sine brutto driftsinntekter. Teknisk berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) har gjort berekningar som syner at netto driftsresultat for kommunane bør ligge på om lag 3,0 % av brutto driftsinntekt for at formuesbevaringsprinsippet skal vere oppfylt. Det vil seie at kommunen skal vere i stand til å setje av midlar til framtidig bruk og til noko eigenfinansiering av kommunale investeringar.

Av finansinntektene kjem kr 10,3 mill frå Aktiv forvaltning som renteinntekter og kursvinst. Tilsvarande kjem kr 2,2 mill av finansutgiftene frå Aktiv forvaltning, då hovudsakleg som kurstap. Renteutgifter på kommunen sin lånegjeld utgjer kr 10,6 mill, medan avdrag på lånegjelda utgjer kr 15,3 mill.

Posten ”bruk av avsetningar” på kr 10,9 mill består m.a. av

- kr 2,7 mill frå disponering av overskot frå 2013 (avsett til fond),
- kr 0,8 mill disp.fond til tiltak i den kommunale tenesteytinga i løpet av 2013
- kr 3,0 mill disp.fond i tilskot til andre (m.a. VAKN, Sagastad, Nordfjord Vekst, Harpefossen Skisenter og nokre mindre tilskot)
- kr 2,0 mill bundne fond frå øyremerka tilskotsordningar.
- kr 2,4 mill bundne fond innafor VAR (vatn, avløp, renovasjon)

All bruk av disposisjonsfond i rekneskapen er vedteken av kommunestyret

Posten ”avsetningar” på kr 4,7 mill består av

- kr 2,6 mill frå avsetning av overskot frå 2013,
- kr 2,1 mill til bundne fond frå øyremerka tilskotsordningar, avsett til bruk i seinare år.

Rekneskapen vert vedteken i eiga sak i kommunestyret i mai 2015.

1.3 Investeringsrekneskapen 2014

Rekneskapsskjema 2A - investering	Rekneskap 2014	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Rekneskap 2013
Investeringar i anleggsmidlar	78.167.799,29	77.926.000,00	57.190.000,00	37.441.920,53
Utlån og forskoteringar	3.763.335,00	0,00	0,00	3.105.000,00
Kjøp av aksjar og andelar	905.971,00	906.000,00	700.000,00	722.893,00
Avdrag på lån	1.392.887,00	0,00	0,00	435.647,37
Dekning av tidlegare års udekk	1.821.106,15	0,00	0,00	621.718,20
Avsetningar	8.205.439,39	1.436.000,00	0,00	3.887.167,43
Årets finansieringsbehov	94.256.537,83	80.268.000,00	57.890.000,00	46.214.346,53
Finansiert slik:				
Bruk av lånemidlar	72.636.641,20	70.466.000,00	49.775.000,00	36.991.366,57
Inntekter frå sal av anleggsmidlar	6.135.653,37	346.000,00	240.000,00	914.067,29
Tilskot til investeringar	300.000,00	0,00	0,00	0,00
Kompensasjon for meirverdiavgift	4.219.535,20	3.434.000,00	4.525.000,00	0,00
Mottekne avdrag på utlån og refusjonar	3.925.443,67	961.000,00	2.650.000,00	3.433.224,00
Andre inntekter	1.003.816,07	0,00	0,00	287.456,77
Sum ekstern finansiering	88.221.089,51	75.207.000,00	57.190.000,00	41.626.114,63
Overført frå driftsrekneskapen	0,00	0,00	0,00	2.010.921,69
Bruk av tidlegare års udisponert	0,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av avsetningar	6.035.448,32	5.061.000,00	700.000,00	1.290.994,00
Sum finansiering	94.256.537,83	80.268.000,00	57.890.000,00	44.928.030,32
Udekk/udisponert	0,00	0,00	0,00	-1.286.316,21

Eid kommune har gjennomført investeringstiltak/-prosjekt på til saman kr 78,1 mill i 2014.

Investeringsutgiftene for 2014 er fordelt på 61 prosjekt/tiltak. Prosjekta fordelar seg på fleire kategoriar, men hovudsakleg innafor bygg og anlegg. Dei største prosjekta med bokførte utgifter over kr 1,0 mill i 2014 er:

Prosjekt	Tittel	Beløp
1009	Startlån	4 166 222
1150	Inv.tilskot Fellesrådet	2 065 000
4009	Investeringar brannvesenet 2013	1 700 357
4246	Hornindalsv. VA - hovudutbygging	10 029 152
4350	Tiltak kommunedelplan veg	2 984 319
4351	Maskiner driftsavd	1 171 673
4462	Stårheim barnhage - tilbygg	1 779 629
4465	Ny sjukeheim/omsorgssenter	3 093 765
4474	Flyktningsbustader vedtak 2009	1 001 517
4485	Flyktningsbustader 2013	1 533 000
4487	Hovudplan bygg	2 755 132
4488	Bustadsos handl.plan	23 207 532
4490	Fleirbrukshall Nordfj.eid skule	1 268 272
4602	Sal av grunn/tomter	2 771 733
4610	Næringsareal Nordøyrane sør for Fargarelva	4 096 339
4715	Hågaåsen - Langelandsåsen bustadfelt	18 397 161

Viser elles til hovudoversikt, rekneskapsskjema 2A og 2B og detaljert oppstilling av investeringsrekneskapen pr. prosjekt i rekneskapsheftet frå side 35 og utover, som syner totalkostnad og totalbudsjett for pågåande prosjekt.

2 NØKKELTAL FRÅ REKNEKAPEN

BALANSEN

I oversikta vedkomande nøkkeltal frå balansen vil vi finne dei viktigaste samanhengane når rekneskapen skal vurderast. Den inneheld opplysningar om bokførte eigedelar, gjeld og eigenkapital pr. 31.12.

OMLØPSMIDLAR

Omløpsmidlane er m.a. det som til ei kvar tid er inneståande på bankkonto. Likeeins må det reknast med det som er plassert til aktiv forvaltning og kortsiktige krav. Kortsiktige krav er ulike krav kommunen har som skal innbetalast på kort sikt, t.d. restansar på kommunale avgifter, ulike refusjonar frå stat, fylke og frå private som enno ikkje er betalte.

KORTSIKTIG GJELD

Den kortsiktige gjelda i kommunen er postar som skal betalast på kort sikt, t.d. skattetrekk, feriepengar og diverse kreditorgjeld bokført pr. 31.12.

LANGSIKTIG GJELD

Dette er alle langsiktige lån som kommunen har teke opp til finansiering av kommunale investeringar, dvs. kommunen sin lånegjeld.

EIGENKAPITALEN

I eigenkapitalen ligg det som er avsett til fond, udisponert overskot og/eller udekka underskot frå tidlegare år. Resten er endring i rekneskapsprinsipp og kapitalkontoen, som er å sjå som ein motkonto vedkomande unytta lån, aktivering av eigedomar m.m.

2.1 Kommunen sin gjeld

Lånegjeld som inngår i rekneskapen til Eid Industrihus KF (kr 66,1 mill) og Eid Fjordvarme KF (kr 5,1 mill) inngår ikkje i oppstillingane og kommentarane i denne årsmeldinga.

(Tal i tusen) År	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Kortsiktig gjeld	48 949	52 569	57 247	59 961	63 590	66 238
Langsiktig gjeld eks pensjon	345 552	334 516	364 355	398 010	410 878	435 265

Den kortsiktige gjelda er kr 66,2 mill, og består hovudsakleg av forskotstrekk, arbeidsgjevaravgift, feriepengar og leverandørgjeld. Langsiktig gjeld (lånegjeld) er på kr 435,2 mill. Vedteke låneopptak på kr 68,6 mill for 2014 er ikkje teke opp ved årsskifte på grunn av at kommunen har eit forholdsvis høgt beløp ståande i rekneskapen som ubrukte lånemidlar frå tidlegare års vedtak om låneopptak. Dette på grunn av mange investeringsprosjekt med vedtak frå tidlegare år, der lån er teke opp, men prosjektet er ikkje oppstarta eller fullført. Ubrukte lånemidlar er pr 31.12.14 på kr 14,7 mill. Om lag kr 8,4 mill av lånegjelda er vidareutlånt som etableringslån/startlån, der rente og avdrag vert dekt av lånemottakarane. Vidare er om lag kr 39,0 mill lån til tiltak innan sjølvkostområda (vatn, avløp, renovasjon, slam). Renter og avdrag til desse låna vert dekt inn gjennom dei kommunale gebyra.

Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekt

Netto lånegjeld er samla lånegjeld fråtrekt ubrukte lånemidlar og lån til vidareutlån. Det vil seie all lånegjeld som er knytt til investeringar som er aktivert i balansen, og som belastar kommunen sin rekneskap med rente- og avdragsutgifter.

(Tal i tusen) År	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Brutto lånegjeld	345 552	334 516	364 355	398 010	410 878	435 265
-Vidareutlån	-4 566	-5 830	-5 041	-5 613	-6 477	-8 497
-Unyttta lånemidlar	-76 576	-30 355	-29 936	-42 809	-46 317	-14 716
=Netto lånegjeld	264 410	298 331	329 378	349 588	358 084	412 052
Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekt	79,5	86,5	88,1	89,5	85,6	93,2

Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekt har ein auke frå 2013 til 2014. Kommunen har i 2014 brukt kr 72,6 mill i lånemidlar til finansiering av investeringsprosjekt. I tillegg er det vedteke låneopptak for 2014 på kr 68,6 mill som ikkje er teke opp. Vidare er det gjort vedtak om låneopptak for 2015 på kr 128,8 mill. Når prosjekta som dei vedtekne låneopptaka skal gå til blir gjennomført i løpet av dei næraste åra, vil netto lånegjeld få ein høg auke.

Gjeldsgrad = Gjeld målt i prosent mot eigenkapital

År	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Gjeldsgrad	77,5 %	76,9 %	82,9 %	84,9 %	86,1 %	87,5 %

Gjeldsgraden viser forholdet mellom eigenkapital som er finansiert av utanforståande (eks låneopptak) og kommunen sjølv. Lågare gjeldsgrad gjev kommunen styrka økonomi, og omvendt. Som vi ser i tabellen ovanfor har gjeldsgraden auka. Dette kjem hovudsakleg av auke i lånegjeld og auke i pensjonsforpliktingar.

Netto lånegjeld og frie inntekter i kr pr innbyggjar

År	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Frie inntekter, kr pr innbyggjar	34 174	35 233	42 580	46 164	49 001	49 760
Nto lånegjeld, kr pr innb.	45 206	50 522	55 358	59 052	60 426	68 825
Nto lånegjeld i % av frie inntekter (pr innbyggjar)	132,3	143,4	130,0	127,9	123,3	138,3

Forholdet mellom frie inntekter og netto lånegjeld er også ein indikator på korleis lånegjelda i kommunen har endra seg dei siste åra. Auke i %-delen gjer at større prosentvis del av kommunen sine frie inntekter vil gå med til å betale rente og avdrag på kommunen sine lån, og motsatt ved reduksjon i %-delen.

Netto lånegjeld og frie inntekter samanlikna mot andre

Pr. 31.12.14	Eid	Gj.snitt gruppe11	Gj.snitt S og Fj	Gj.snitt landet ekskl Oslo
Frie inntekter kr pr innbyggjar	49 760	50 809	54 242	48 554
Netto lånegjeld kr pr innbyggjar	68 825	56 524	66 717	49 613
Netto lånegjeld i % av brt driftsinntekt	93,2	72,4	75,7	69,0

Eid kommune har lågare inntekt og høgare netto lånegjeld samanlikna med både kommunegruppe 11 (som Eid inngår i), gjennomsnittet i S og Fj, og gjennomsnittet på landsbasis. I inntektssystemet har Eid ein utgiftsfaktor på 1,06 % (2014), dvs noko over landsgjennomsnittet, som er 1,0. Storparten av dei frie inntektene som kommunen får frå staten er berekna ut frå denne utgiftsfaktoren. Ut frå tabellen ovanfor ser ein at Eid kommune må bruke ein forholdsvis større del av sine inntekter til rente og avdrag i forhold til landsgjennomsnittet, ut frå elles like lånevilkår. Lånegjelda til Eid kommune vil dei komande åra få ein kraftig vekst m.a. på grunn av bygging av omsorgssenter og fleirbrukshall ved Nordfjordeid skule.

2.2 Driftslikviditet

(Tal i tusen) År	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Omløpsmidlar	239 536	204 956	201 826	216 462	223 231	192 051
Kortsikt. gjeld	-48 949	-52 569	-57 287	-59 961	-63 590	-66 238
Arbeidskapital	190 587	152 387	144 539	156 501	159 641	125 813
Nto blanseført premieawik	-7 194	-8 859	-7 354	-13 926	-13 110	-19 641
Unyttta lån	-76 576	-30 355	-29 936	-42 809	-46 317	-14 716
Bundne fond og inv.fond	-89 358	-95 683	-96 710	-95 760	-97 174	-97 101
Driftslikviditet	17 459	17 490	10 539	4 006	3 040	-5 645

Arbeidskapitalen er redusert på grunn av negang i omløpsmidlane, som hovudsakleg kjem frå nedgang i unytta lånemidlar plassert i bankinnskot. Driftslikviditeten er også redusert, hovudsakleg på grunn av auke i premieavvik (ubetalt pensjonspremie) og noko nedgang i kommunen sine fond.

Likviditetsgrad 1 = omløpsmidlar / kortsiktig gjeld > 2

Denne bør vere større enn 2, fordi nokre av omløpsmidlane kan vere lite likvide, dvs vanskelege å gjere raskt om til kontantar.

Likviditetsgrad 2 = mest likvide omløpsmidlar / kortsiktig gjeld > 1

Mest likvide omløpsmidlar er kasse, bank og marknadsbaserte plasseringar (finansielle aktiva) som raskt kan gjerast om til kontantar. Denne bør vere større enn 1.

År	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Likviditetsgrad 1	3,29	3,24	3,10	2,73	2,63	2,42
Likviditetsgrad 2	2,67	2,54	2,39	2,08	1,97	1,61

Likviditetsgraden til kommunen er svekka, og har blitt redusert kvart år sidan 2009. Dette skuldast m.a. balanseført premieavvik og negativt brutto driftsresultat som igjen gir reduksjon i mest likvide omløpsmidlar.

Utvikling i rekneskapen sin fondsdel

(Tal i tusen)	År	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Disposisjonsfond		18 256	22 976	17 781	18 528	17 232	15 950
Bundne driftsfond		10 466	12 544	15 612	14 136	12 765	10 383
Ubundne investeringsfond		76 116	81 524	80 708	81 140	83 079	84 625
Bundne investeringsfond		2 776	1 615	386	484	1 330	2 093
Årets reknesk. resultat		8 291	7 965	3 814	2 514	2 691	-
Samla		115 905	126 624	118 301	116 802	117 097	113 051

Av disposisjonsfonda på kr 15,9 mill, er kr 2,8 mill gjennom kommunestyrevedtak bestemt å brukast til konkrete tiltak som ikkje er oppstarta eller fullført pr. 31.12.14. Vidare er 12,1 mill av disposisjonsfonda vedteke avsett som eit rente- og avkastningsfond, hovudsakleg til buffer mot svingingar i aktiv forvaltning.

Frie inntekter frå staten i % av brutto driftsinntekt

År	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Skatteinntekt i % av						
brutto driftsinntekt	32,39	32,38	28,62	30,24	29,29	28,13
Rammetilskot + innt.utjamn.						
i % av brutto driftsinntekt	27,69	27,92	39,17	39,74	40,15	39,22
Samla	60,08	60,30	67,79	69,98	69,44	67,35


Samla nedgang på frie inntekter frå staten opp mot kommunen sin samla inntekt, skuldast m.a stor auke i flyktningtilskotet og innføring av eigeidomsatt.

3 DEN KOMMUNALE DRIFTA

3.1 Tal årsverk og lønsutgift

Tabellen nedanfor viser lønsutgifta dei siste åra i tusen kroner (stolpediagrammet) og talet på årsverk i kommunen. Lønsutgifta inneheld totale lønsutgifter ført på avdelingane i året inkl pensjonspremie og andre sosiale utgifter, fråtrekt refusjonar ved sjukefråvær og svangerskapspermisjonar.

	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Løn	170 538	192 234	199 258	211 731	223 877	246 837	258 966	280 344
Årsverk	372,52	381,4	376,0	375,9	381,0	391,5	389,0	401,0



Auken i tal årsverk kjem frå nye stillingar innan psykiatri (tiltak) og flyktingtenesta. Av totalen på 401 årsverk, er 7,2 årsverk interkommunale stillar som vert dekt av kommunane som inngår i samarbeidet, t.d. øyeblikkeleg hjelp-avdelinga på Nordfjord sjukehus som har 5,7 årsverk tilsett i Eid kommune.

Søyla for lønsutgift i diagrammet har ikkje same veksten som linja for tal årsverk. Dette fordi stillingane er komt til i løpet av året, og det er dermed ikkje med heilårseffekt på lønsutgifta for dei nye stillingane.

Ytingar til leiande personar	2013	2014
Ordførar	kr 689 779	kr 711 092
Rådmann	kr 886 000	kr 886 000

Godtgjersle til revisjon

Kommunen sin revisor er Kommunerevisjonen i Nordfjord. Samla godtgjersle til revisjon utgjer for 2014 kr 632.678,-. Revisjon omfattar rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og diverse attestasjonsoppdrag.

3.2 Sjukefråvær

År	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Sjukefråvær i %	7,1 %	7,3 %	7,8 %	7,3 %	6,2 %	6,2 %

Sjukefråværet har gått nedover frå 2011 og fram til 2013. 2014 er på same nivå som 2013. Målt i årsverk utgjer sjukefråværet om lag 25 årsverk i 2014. Sjukefråværet fordeler seg ulikt i organisasjonen.

Kvantifisert i kroner utgjer verdien av sjukefråværet omlag kr 12,5 mill brutto. Om lag kr 7,5 mill av dette er refundert frå NAV Trygd på grunn av langtidsjukmelde. Det vil likevel påføre kommunen som arbeidsgjevar ein stor del utgifter med fråværet, sjølv om det for ein del av korttidsfråværet ikkje vert teke inn vikar.

3.3 Likestilling

Kvinner utgjer omlag 76 % av dei tilsette i Eid kommune, og arbeider hovudsakleg innan tradisjonelle yrke. Talet på menn er lågt på fleire område, og spesielt innan omsorgsyrka.

Kommunen har ikkje sett i verk spesielle tiltak for å betre kjønnsbalansen, men dette er med som eit moment ved fleire tilsetjingar og på andre område der ein har høve til å motverke skeiv kjønnsbalanse.

3.4 Diskrimineringslovene

Kommunen skal ha eit bevisst forhold til diskrimineringslovene, som er

- Lov om forbod mot diskriminering på grunn av etnisitet, religion, mv
- Lov om forbod mot diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne

I den daglege drifta vert det teke omsyn til disse lovene, både ved tilsetjing og vidare oppfølging og tilrettelegging for både tilsette og tenestemottakarar. Også ved nybygg, ombyggingar og anna tilrettelegging vert det teke omsyn til disse lovene.

3.5 Tiltak for god kontroll og etisk standard

Kommunesektoren har ansvar for mange oppgåver som er viktige for innbyggjarane, og det er naudsynt med god styring for å ivareta innbyggjarane sine behov og rettar. God eigenkontroll bidreg til å byggje opp tilliten til kommunen, og gir samstundes grunnlag for læring og forbetring.

Administrasjonen har prioritert utvikling og bruk av eit godt kvalitetssystem, med eit særleg fokus på overordna internkontroll. KS sin rettleiar «Rådmannens internkontroll – orden i eget hus» har vorte nytta som grunnlag for arbeidet. Internkontroll er ein kontinuerleg prosess, og det er utarbeidd eit eige årshjul for kvalitetsarbeidet.

KS rår til at kommunane bør ha følgjande reglement og retningsliner på plass:

- Delegeringsreglement
- Økonomireglement
- Rutiner som sikrar iverksetting av politiske vedtak
- Finansreglement
- Anskaffelsesreglement
- Reglement for personalområdet
- Leiaravtalar
- Verdigrunnlag og etiske retningsliner
- Tilrettelegge for varsling av kritikkverdige tilhøve
- Arkivplan, dokumenthandtering
- Datatryggleik, personopplysningar

- HMS-handbok
- Krise og beredskap
- Avvikshandsaming

Alle dokument ligg tilgjengeleg i Kvalitetslosen (kommunen sitt kvalitetssystem). Alle tilsette har tilgang til programmet, og får opplæring i bruken.

3.6 Økonomisk resultat av drifta

Kommunerekneskapan for 2014 viser eit rekneskapsmessig resultat på kr 0,-.

Resultatet for dei enkelte rammeområda i den kommunale verksemda fordeler seg slik (i 1000 kr):

RAMMEOMRÅDE	Budsjett	Rekneskap	Avvik	Herav løn
Sentraladministrasjonen	32 303	32 480	177	-312
Oppvekst og kultur	116 080	116 512	432	90
Pleie og omsorg	70 735	71 278	543	126
Helse og sosial	59 037	60 504	1 467	1 577
Teknisk	29 069	30 132	1 063	-826
Delsum	307 224	310 906	3 682	655
Felles inntekter/utgifter (finans)	-307 224	-310 906	-3 682	
Sum (minus er lik mindreforbruk)			0	

3.6.1 Sentraladministrasjonen

Sentraladministrasjonen har samla sett eit overforbruk på kr 177.000,-. Dette på grunn av høgare utgifter til felles interkommunal ikt-drifting og lisensar (Nordfjordnett) i forhold til det som låg til grunn i kommunen sitt budsjett.

3.6.2 Oppvekst og kultur

Generelt

Budsjettramma for sektoren for år 2014 var på kr 116.080.000,-. Ein hadde eit samla overforbruk på kr 432.000,- som utgjer om lag 0,3% av totalbudsjettet til sektoren.

Skuleadministrasjon

Skuleadministrasjonen hadde eit mindreforbruk på kr 468.000,-.

Mindreforbruket skuldast i hovudsak nedgang i betaling og auke i refusjonar for tenester i andre kommunar, i hovudsak skulegang for born i fosterheimar.

Grunnskule

Grunnskulen hadde eit samla overforbruk på om lag kr 298 000,-

Nordfjordeid skule hadde eit meirforbruk på om lag kr 532.000,- noko som i hovudsak skuldast styrking av særskilde tiltak innan åtferd, sfo og mottak av nye flyktingar.

Haugen skule hadde eit mindreforbruk på om lag kr 389.000,- noko som i hovudsak skuldast at vikarutgiftene var mindre enn inntektene på refusjonane, og mindre utgifter til fastløn enn budsjettet.

Barnehage

Dei kommunale barnehagane hadde samla sett eit mindreforbruk på kr 49.000,-

For dei private barnehagane hadde ein eit mindreforbruk på kr 133.000,- i høve budsjettet for år 2014. Tilskotet til dei private barnehagane byggjer i hovudsak på totalrekneskapen for dei kommunale barnehagane for år 2013.

Musikk og kulturskulen

Hadde eit meirforbruk på kr 19.000,-.

Operahuset inklusiv kino og bibliotek

Avdelinga hadde samla eit meirforbruk på kr 765.000,-. Både sviktande billettinntekter og inntekter på husleige er hovudårsakene til meirforbruket.

Biblioteket og kinoen hadde begge eit lite underforbruk, dvs. overskot.

3.6.3 Pleie og omsorg

Rammeområdet har i 2014 eit samla meirforbruk på kr 543 000,-.

Løn: Løn minus refusjonar frå NAV har totalt eit meirforbruk på kr 126 000,- . Refusjonar frå NAV utgjer totalt kr 3 963, 000,-.

Heimetenesta har eit mindreforbruk på løn på kr 328 000,-. Men avdelinga har også kjøpt tenester frå vikarbyrå sommaren 2014, som ligg på «andre driftsutgifter»: Kr 524 000,-, som må sjåast i samanheng med løn. Det reelle resultatet vedkomande løn er soleis eit meirforbruk på kr 196 000,-. Det er vanskeleg å skaffe nok sjukepleiarar i feriar og høgtider, og tenestene skal vere forsvarlege. Tenesta hadde fire innleigevikarar (legestudentar) i ferien 2014.

Eid Sjukeheim har eit mindreforbruk på løn på kr 212 000,-. Eid Eldretun har eit meirforbruk på kr 195 000,-. Meirforbruket skuldast i hovudsak ekstra utgifter til ferievikarar og overtid.

Psykiatritenesta har eit meirforbruk på kr 471 000,- , og skuldast overtid og vikarteneste.

Andre driftsutgifter: Overforbruket på andre driftsutgifter er totalt på kr 1 329.000,-. Alle avdelingane har eit meirforbruk. Det er dei to institusjonane som har det største meirforbruket, som skuldast utgifter til vikarbyrå og store postar som mat, medisinsk forbruksmateriell og anna utstyr. Det har vore stor aktivitet på institusjonane, med jamt overbelegg på begge.

Inntekter: Salsinntektene ligg kr 287 000,- høgare enn budsjettert. Dette gjeld i hovudsak auke i vederlag for opphald i institusjon ved begge institusjonane.

3.6.4 Helse og sosial

Rammeområdet hadde eit samla meirforbruk på kr 1.467.000,-. Av dette var det eit meirforbruk på løn på kr 1.577.000,-. Meirforbruket på løn skuldast i hovudsak aktivitetsauke mot enkelttiltak, der om lag kr 1.000.000,- av auken er refundert frå staten. Det reelle meirforbruket på løn er soleis om lag kr 577.000,-.

Dei største avvika fordeler seg slik:

Flyktingtenesta: Meirforbruk på kr 175.000,-. Inntekter på flyktingar hadde ei tilsvarende meirinntekt. Skuldast hovudsakleg kostnad knytt til nødvendig utstyr, lisensar og installasjon av fagprogram som det ikkje var teke høgde for i budsjett for 2014.

Sosialtenesta: Hadde eit underforbruk på kr 494.000,- , mot eit overforbruk på kr. 1,2 mill i 2013. Hovudårsaka er innsparing på kvalifiseringsstønad på kr 584.000,-

Barnevern: Totalt overforbruk på kr 1.567.000.-

Det er 3 hovudgrunnar til dette:

- 1.Meirkostnad knytt til advokattenester i fylkesnemndsaker, om lag kr 450.000,-
- 2.Meirkostnad knytt til lønn/ forsterkning i fosterheimar, ca kr 1.100.000,-
- 3.Kjøp av tenester frå private knytt til tiltak utanfor heimen , ca kr 1.100.000,-

Auka inntekt/refusjon som følgje meirkostnad knytt til punkt 2 og 3 ca. kr 900.000,-
Innsparing bidrag på einlige mindreårige , ca kr 300.000,-

Barnevern hadde i 2013 eit mindreforbruk på kr 358.000,- i forhold til budsjett. Ved rapportering i september 2014 var det forventa eit lite overforbruk i 2014, jmf budsjett rapportering pr 30/8-14. Det vart også budsjettert med kraftig nedgang i budsjett for 2015. Endring i eksisterande saker, auka eigenandelar ved plassering utanfor heimen og reduserte refusjonar frå BUF – etat, har gjeve store endringar i resultat for 2014. Også budsjett for 2015 må vurderast på nytt som følgje av endringar etter at konsekvensjustert budsjett var lagt fram.

Vernepleietenesta: Samla netto meirforbruk på kr 219.000,-

Det skuldast i hovudsak meirforbruk knytt til drift av dagsenter på kr 309.000,-. Dette kjem av fleire nye unge brukarar med behov for dagtilbod etter avslutta skulegang.

Meirforbruk på avlastning og generelle tiltak kr 665.000,- pga fleire unge som treng fleire timar avlastning.

Samla innsparing på 4 res. krevjande tiltak på kr 260.000,-

Mindreforbruk på støttekontakt og BPA på ca. kr. 496.000,- i forhold til budsjett.

Dei andre tenestene innafor rammeområdet hadde berre mindre avvik i forhold til budsjett.

3.6.5 Teknisk

Drifta på teknisk rammeområde syner samla sett eit meirforbruk på kr 1.063.000,- samanlikna med budsjett. Lønsbudsjettet syner eit mindreforbruk på kr 826.000, så budsjettsprekken skuldast andre driftsutgifter.

Ansvar 4100 Plan- og utviklingsavdelinga syner eit mindreforbruk på kr 441.000,-.

Lønskostnadene er nær budsjett. Reduserte netto driftsutgifter fordeler seg på ei rekkje tenester: Plan, landbruksforvaltning, viltforvaltning og kulturområdet.

Ansvar 4200 Beredskap og førebygging har eit meirforbruk på kr 179.000,-. Meirforbruket ligg på teneste brannberedskap. Drift av køyretøy har kosta kr 80.000 meir enn budsjettert. Resterande meirforbruk fordeler seg på ei rekkje mindre postar.

Driftsavdelinga (ansvar 4300-4600) har eit samla meirforbruk på kr 1,3 mill, trass i innsparingar på løn på til saman kr 813.000. Overskridingane kjem hovudsakleg frå vedlikehaldspostane, både på veg, park/grøntanlegg og bygg. Det er særleg vegvedlikehaldet som har kosta for mykje. Dette er også meldt frå om i tertialrapportane i 2014. Meirforbruk på brøyting og sommarvedlikehald på veg og parkområde er kr 1.151.000, mellom anna grunna lovpålagt kontroll av bruer og kaier, og dyrare anbod på kantslått og kosting av vegar. Byggvedlikehald har eit meirforbruk på kr 337.000, herav meirutgifter til straum på kr 300.000.

3.6.6 Alternativ avviksvurdering

Rekneskapsresultatet kan også "brytast ned" på andre måtar som kan gje ei betre forståing for kvar avvika frå budsjettet ligg:

Tal i tusen	Budsjett	Rekneskap	Avvik
Forbruk på rammeområda inkl løn	307 224	310 906	3 682
Pensjon/Premieavvik/Premiefond	-7 496	-10 128	-2 632
Skatteinntekt+inntektsutjamning	-142 455	-141 013	1 442
Rammetilskot	-156 707	-156 903	-196
Renteinntekter bank	-1 000	-1 297	-297
Renteutgifter lån	10 824	10 596	-228
Avdrag på lån	15 368	15 254	-114
Flyktingtilskot	-10 900	-11 076	-176
Avkastning Aktiv forvaltning	-7 100	-8 147	-1 047
Momskompensasjon Fellesrådet	-	-256	-256
Strykning avsetning til disp.fond	2 691	2 575	-116
Andre mindre fellespostar		-62	-62
Sum (minus er lik mindreforbruk)			0

Forbruk innafor rammeområda inkl. løn enda opp med eit samla overforbruk på kr 3,7 mill. Årsak til dette er kommentert under kapitla 3.6.1 – 3.6.5.

Pensjon, premieavvik, premiefond, summen av kommunen sine rekneskapsmessige pensjonsutgifter er kr 2,6 mill lågare enn budsjettet. Ein stor del at dette skuldast tekniske føringar, som det er vanskeleg å treffe nøyaktig på i budsjettarbeidet.

Skatteinntekt og inntektsutjamning vart samla kr 1.4 mill under kommunen sitt justerte budsjett. I løpet av året er skatteinntekta justert ned med kr 2,5 mill. Dette, saman med differansen ved årsslutt, gjer at skatteinntekta blei kr 3,9 mill lågare enn opprinneleg budsjett for 2014. Denne svikten i skatteinntekta er generell for heile kommune-noreg. Kommunen har i budsjettet og gjennom budsjettendringar i 2014 følgd dei prognosane som kjem frå kommunal og moderniseringsdep (KMD).

Avkastning frå Aktiv forvaltning blei kr 1,0 mill over budsjett. Dette er omtalt nærare i eigen årsrapport for 2014 som har vore til politisk handsaming i februar 2015.

Kompensasjon moms frå Fellesrådet blei på kr 256.000,-. Eid kommune finansierar drifta innan Fellesrådet inkl moms, men får tilbake momskompensasjonen når Fellesrådet får denne utbetalt frå staten. Det var ikkje budsjettet med denne kompensasjonen i kommunen sitt budsjett i 2014, slik at dette kjem som ei ekstraintekt.

Strykning avsetning til disp.fond er gjennomført med kr 0,1 mill. Kommunestyret vedtok i mai 2014 at det rekneskapsmessige resultatet for 2013 på pluss kr 2,7 mill skulle setjast av til kommunen sitt disposisjonsfond. For å oppnå eit rekneskapsmessig resultat for 2014 på kr 0,-, er denne vedtekne avsetninga redusert med kr 116.288,-. Dette er gjort i samsvar med kommunelova og forskrift om kommuners årsrekneskap § 9.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Eid kontrollutval	Møtedato 28.04.2015	Saksnr 014/15
--------------------------------------	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-210	Arkivsaknr.: 15/246
---	-------------------------	-------------------------------

Rekneskap 2014 - Eid Fjordvarme KF

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
20.04.2015	Rekneskap 2014 Eid Fjordvarme KF - politisk handsaming	2144
20.04.2015	Eid Fjordvarme KF - saksutgreiing til kommunestyret.pdf	2145
20.04.2015	Eid Fjordvarme KF - styrevedtak rekneskap 2014.pdf	2146
20.04.2015	Eid Fjordvarme KF - rekneskapshefte 2014 til kommunestyret.pdf	2147
20.04.2015	Årsmelding 2014 Eid Fjordvarme KF inkl styrevedtak.pdf	2148

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Saka går vidare til kommunestyret)

Kontrollutvalet tilrår at rekneskap 2014 for Eid Fjordvarme KF vert godkjent.

...

Saksutgreiing:

I denne saka, skal kontrollutvalet gi uttale til kommunestyret om rekneskap 2014 for Eid Fjordvarme KF. Den formelle tilrådinga til kommunestyret kjem frå formannskapet. Formannskapet skal ha kopi av kontrollutvalet sin uttale før dei handsamar saka.

Administrasjonen v/rådmann og fagansvarleg for rekneskap er kalla inn til møtet og er budde på å gi nærare orientering om innhaldet i rekneskapen. Dagleg leiar Magne Hjelle i Eid Fjordvarme KF er også kalla inn til møtet. Kommunerevisjonen i Nordfjord deltek også på møtet.

Revisjonsmeldinga inneheld ingen atterhald eller presiseringar. Sekretariatet rår kontrollutvalet til å tilrå at rekneskapen vert godkjent.

Fra: Ole Starheim <Ole.Starheim@eid.kommune.no>
Sendt: 17. april 2015 13:47
Til: Arnar Helgheim
Emne: Rekneskap 2014 Eid Fjordvarme KF - politisk handsaming
Vedlegg: Eid Fjordvarme KF - saksutgreiing til kommunestyret.pdf; Eid Fjordvarme KF - styrevedtak rekneskap 2014.pdf; Eid Fjordvarme KF - rekneskapshefte 2014 til kommunestyret.pdf; Årsmelding 2014 Eid Fjordvarme KF inkl styrevedtak.pdf

Hei,

Vedlagt følger dokument vedkomande Eid Fjordvarme KF sin rekneskap for 2014:

- Saksutgreiinga til kommunestyret
- Styret i selskapet sitt vedtak til rekneskapen for 2014
- Samla rekneskapshefte for 2014 inkl revisjonsmelding fremst i heftet
- Årsmelding 2014 inkl styrevedtak

Med helsing

Ole Starheim

Økonomisjef i Eid kommune

57 88 58 81 / 913 20 144





EID KOMMUNE

Møtebok

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Finansutvalet	30.04.2015		OST
Formannskapet	30.04.2015		OST
Kommunestyret	07.05.2015		OST

Avgjerd av: Kommunestyret	Arkiv: 212	Arkivsaknr
Saksbehandler: Ole Starheim	Objekt:	15/713

Rekneskap 2014 Eid Fjordvarme KF - politisk handsaming

Prenta vedlegg:

- Rekneskap 2014 for Eid Fjordvarme KF, med revisjonsmelding datert 07.04.2015
- Vedtak i styret for Eid Fjordvarme KF sak 003/15
- Kopi av kontrollutvalet sin uttale til rekneskapen for 2014 (vert lagt fram i formannskapet sitt møte)

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

- Kommunelova – lov av 25.09.1992 nr. 107, spesielt kap. 11.
- Forskrift om særbudsjett, særrekneskap og årsberetning for kommunale og fylkeskommunale foretak, av 24.08.2006.
- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar, av 15.06.2004.

Bakgrunn for saka:

Kommunelova § 48 nr. 3, jf. forskrift om årsrekneskap kommunale føretak § 16:

"Kommunestyret vedtar selv årsregnskapet. Vedtaket treffes på grunnlag av innstilling fra formannskapet.... Vedtaket må angi disponering av regnskapsmessig overskudd eller dekning av regnskapsmessig underskudd."

Etter forskrift om kontrollutval § 7, skal kontrollutvalet gje uttale om årsrekneskapen før denne blir vedteken av kommunestyret. Uttalen skal gjevast til kommunestyret. Kopi av uttalen skal vere formannskapet i hende tidsnok til at formannskapet kan ta omsyn til den før dette organet gjev si innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

Saksutgreiing:

Viser til saksutgreiinga i vedlagt sak 003/15 for Eid Fjordvarme KF og årsmeldinga til selskapet, der det framkjem at driftsrekneskapen viser eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 49.016,75 for 2014. Styret har vedteke å setje dette av til selskapet sitt disposisjonsfond. Disposisjonsfondet har etter denne avsettinga ein saldo på kr 50.240,75. Selskapet har fått eit driftstilskot frå Eid kommune på kr 142.000,- i 2014.

Etter 11 driftsår i selskapet (2004-2014), er akkumulert driftstilskot frå Eid kommune til Eid Fjordvarme KF på til saman kr 3.123.878,-. Av dette vedtok kommunestyret i 2009 å gje avkall på delen knytt til breiband, kr 218.638,-. Det står då att kr 2.905.240,- som skal betalast tilbake til Eid kommune frå Eid Fjordvarme KF når økonomien i selskapet gjev rom for det.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

1. Den framlagde rekneskapen, som viser eit mindreforbruk på kr 49.016,75, vert fastsett som Eid Fjordvarme KF sin årsrekneskap for 2014.
2. Mindreforbruket på kr 49.016,75 vert sett av til selskapet sitt eige disposisjonsfond, i samsvar med styret sitt vedtak i sak 003/15.

Åslaug Krogsæter
-rådmann-



EID FJORDVARME KF

Møtebok

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Eid Fjordvarme KF	23.03.2015	002/15	JEA

Avgjerd av:	Arkiv: 210	Arkivsaknr
Saksansv.: Hjelle Magne	Objekt:	15/498

Årsmelding 2014 Eid Fjordvarme KF

Dokumentliste:

Prenta vedlegg:

Årsmelding Eid Fjordvarme KF 2014.

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

- Kommunelova – lov av 25.09.1992 nr. 107, spesielt kap. 11.
- Forskrift om særbudsjett, særregnskap og årsberetning for kommunale og fylkeskommunale foretak, av 24.08.2006.

Bakgrunn for saka:

Saka gjeld godkjenning av årsmeldinga for 2014. Saka går vidare frå styret til revisor og kontrollutvalet før sluttbehandling i formannskap og kommunestyre.

Saksutgreiing:

Jfr. årsmeldinga.

Vurdering:

Årsmeldinga gjev uttrykk for selskapet si drift i 2014.

DAGLEG LEIAR SI TILRÅDING:

1. Styret har ikkje merknader til årsmelding for Eid Fjordvarme KF 2014, datert 16.03.2015.
2. Årsmeldinga vert oversendt til revisjon og politisk behandling.

23.03.2015 EID FJORDVARME KF

EFJ-002/15 VEDTAK:

1. Styret har ikkje merknader til årsmelding for Eid Fjordvarme KF 2014, datert 16.03.2015.
2. Årsmeldinga vert oversendt til revisjon og politisk behandling.


Magne Hjelte
-dagleg leiar-



EID FJORDVARME KF

REKNESKAP 2014



EID KOMMUNESTYRE 07.05.15

KOMMUNEREVISJONEN I NORDFJORD

Til:

Kommunestyret i Eid kommune

Kopi til:

Kontrollutvalet
Formannskapet
Rådmannen
Økonomisjefen

Revisjonsmelding 2014

Uttale om særrekneskapen

Vi har revidert særrekneskapen 2014 for Eid Fjordvarme KF som er samansett av balanse per 31.12., driftsrekneskap, investeringsrekneskap, økonomiske oversikter, ei skildring av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta og andre noteopplysningar. Driftsrekneskapen viser eit mindreforbruk på kr 49 016,75.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for særrekneskapen

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide særrekneskapen og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk, og for slik intern kontroll som styret og dagleg leiar finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein særrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følge av misleghald eller feil.

Revisors oppgåver og plikter

Oppgåva vår er å gi uttrykk for ei meining om særrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk, medrekna internasjonale standardar for revisjon. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å sikre at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i særrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisors skjønn, mellom anna vurdering av risikoane for at særrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleghald eller feil. Ved slik risikovurdering tar revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for føretaket si utarbeiding av ein særrekneskap som gir ei dekkande framstilling. Formålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av føretaket sin interne kontroll. Revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta er formålstenlege,

Org.nr: 976 304 470	Kommune: EID GLOPPEN HORNINDAL	Adresse: Rådhusvegen 11 Grandavegen 9 Postboks 24	6770 Nordfjordeid 6821 Sandane 6761 Hornindal	Telefon: 57 88 58 87 57 00 92 64 57 87 98 08
E-postadresse: revisor@stryn.kommune.no	SELJE STRYN VÅGSØY	Tonningsgata 4 Postboks 294	6740 Selje 6783 Stryn 6701 Måløy	97 99 04 26 57 87 48 18 -19 57 84 50 29

KOMMUNEREVISJONEN I NORDFJORD

og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av særrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Konklusjon

Vi meiner at særrekneskapen er avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Eid Fjordvarme KF per 31.12. og av resultatet for rekneskapsåret.

Uttale om andre tilhøve

Konklusjon om budsjett

Basert på vår revisjon av særrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og at beløpa i særrekneskapen stemmer med regulert budsjett.


Konklusjon om årsmeldinga


Basert på vår revisjon av særrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om særrekneskapen er konsistente med særrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av særrekneskapen slik den er skildra ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 "Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon", meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av føretaket sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god kommunal rekneskapsskikk.

Nordfjordeid, den 7.4.2015


Markvard Sunde
Revisjonssjef


Kay Rune Solheim
Revisor



Økonomisk oversikt - drift

2 EID FJORDVARME KF - 2014

16.03.2015

	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
Driftsinntekter				
Brukerbetalinger	0,00	0,00	0,00	0,00
Andre salgs- og leieinntekter	917.227,67	813.400,00	453.400,00	414.569,53
Overføringer med krav til motytelse	0,00	0,00	0,00	0,00
Rammetilskudd	0,00	0,00	0,00	0,00
Andre statlige overføringer	0,00	0,00	0,00	0,00
Andre overføringer	142.000,00	142.000,00	142.000,00	247.000,00
Skatt på inntekt og formue	0,00	0,00	0,00	0,00
Eiendomsskatt	0,00	0,00	0,00	0,00
Andre direkte og indirekte skatter	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum driftsinntekter	1.059.227,67	955.400,00	595.400,00	661.569,53
Driftsutgifter				
Lønnsutgifter	0,00	0,00	0,00	0,00
Sosiale utgifter	0,00	0,00	0,00	0,00
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	429.725,35	363.500,00	3.500,00	4.480,76
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	189.720,57	180.000,00	180.000,00	189.877,90
Overføringer	0,00	0,00	0,00	0,00
Avskrivninger	734.241,00	734.300,00	0,00	733.781,00
Fordelte utgifter	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum driftsutgifter	1.353.686,92	1.277.800,00	183.500,00	928.139,66
Brutto driftsresultat	-294.459,25	-322.400,00	411.900,00	-266.570,13
Finansinntekter				
Renteinntekter og utbytte	31.222,00	45.000,00	45.000,00	43.692,00
Gevinst på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0,00	0,00	0,00	0,00
Mottatte avdrag på utlån	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum eksterne finansinntekter	31.222,00	45.000,00	45.000,00	43.692,00
Finansutgifter				
Renteutgifter og låneomkostninger	164.227,00	199.000,00	199.000,00	252.257,00
Tap på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0,00	0,00	0,00	0,00
Avdrag på lån	257.760,00	257.900,00	257.900,00	257.774,00
Utlån	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum eksterne finansutgifter	421.987,00	456.900,00	456.900,00	510.031,00
Resultat eksterne finanstransaksjoner	-390.765,00	-411.900,00	-411.900,00	-466.339,00
Motpost avskrivninger	734.241,00	734.300,00	0,00	733.781,00
Netto driftsresultat	49.016,75	0,00	0,00	871,87
Interne finanstransaksjoner				
Bruk av tidligere års regnsk.m. mindreforbruk	871,87	900,00	0,00	231,31
Bruk av disposisjonsfond	0,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av bundne fond	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum bruk av avsetninger	871,87	900,00	0,00	231,31
Overført til investeringsregnskapet	0,00	0,00	0,00	0,00
Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk	0,00	0,00	0,00	0,00
Avsatt til disposisjonsfond	871,87	900,00	0,00	231,31
Avsatt til bundne fond	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum avsetninger	871,87	900,00	0,00	231,31
Regnskapsmessig mer/mindreforbruk	49.016,75	0,00	0,00	871,87



Økonomisk oversikt - investering

2 EID FJORDVARME KF - 2014

16.03.2015

	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
Inntekter				
Salg av driftsmidler og fast eiendom	0,00	0,00	0,00	0,00
Andre salgsinntekter	21.800,00	165.000,00	150.000,00	61.000,00
Overføringer med krav til motytelse	0,00	0,00	0,00	0,00
Kompensasjon for merverdiavgift	0,00	0,00	0,00	0,00
Statlige overføringer	0,00	0,00	0,00	0,00
Andre overføringer	0,00	0,00	0,00	0,00
Renteinntekter og utbytte	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum inntekter	21.800,00	165.000,00	150.000,00	61.000,00
Utgifter				
Lønnsutgifter	0,00	0,00	0,00	0,00
Sosiale utgifter	0,00	0,00	0,00	0,00
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	434.343,40	165.000,00	150.000,00	20.172,80
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	0,00	0,00	0,00	0,00
Overføringer	0,00	0,00	0,00	0,00
Renteutgifter og omkostninger	0,00	0,00	0,00	0,00
Fordelte utgifter	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum utgifter	434.343,40	165.000,00	150.000,00	20.172,80
Finansstransaksjoner				
Avdrag på lån	0,00	0,00	0,00	0,00
Utlån	0,00	0,00	0,00	0,00
Kjøp av aksjer og andeler	0,00	0,00	0,00	0,00
Dekning av tidligere års udekket	0,00	0,00	0,00	0,00
Avsatt til ubundne investeringsfond	0,00	0,00	0,00	0,00
Avsatt til bundne investeringsfond	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum finansieringstransaksjoner	0,00	0,00	0,00	0,00
Finansieringsbehov	412.543,40	0,00	0,00	-40.827,20
Dekket slik:				
Bruk av lån	412.543,40	0,00	0,00	-40.827,20
Salg av aksjer og andeler	0,00	0,00	0,00	0,00
Mottatte avdrag på utlån	0,00	0,00	0,00	0,00
Overført fra driftsbudsjettet	0,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av tidligere års udisponert	0,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av disposisjonsfond	0,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av bundne driftsfond	0,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av ubundne investeringsfond	0,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av bundne investeringsfond	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum finansiering	412.543,40	0,00	0,00	-40.827,20
Udekket/udisponert	0,00	0,00	0,00	0,00



2 EID FJORDVARME KF - 2014

16.03.2015

	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
Anskaffelse og anvendelse av midler				
Anskaffelse av midler				
Inntekter driftsdel (kontoklasse 1)	1.059.227,67	955.400,00	595.400,00	661.569,53
Inntekter investeringsdel (kontoklasse 0)	21.800,00	165.000,00	150.000,00	61.000,00
Innbetalinger ved eksterne finanstransaksjoner	443.765,40	45.000,00	45.000,00	2.864,80
Sum anskaffelse av midler	1.524.793,07	1.165.400,00	790.400,00	725.434,33
Anvendelse av midler				
Utgifter driftsdel (kontoklasse 1)	619.445,92	543.500,00	183.500,00	194.358,66
Utgifter investeringsdel (kontoklasse 0)	434.343,40	165.000,00	150.000,00	20.172,80
Utbetaling ved eksterne finanstransaksjoner	421.987,00	456.900,00	456.900,00	510.031,00
Sum anvendelse av midler	1.475.776,32	1.165.400,00	790.400,00	724.562,46
Anskaffelse - anvendelse av midler	49.016,75	0,00	0,00	871,87
Endring i ubrukte lånemidler	-412.543,40	0,00	0,00	40.827,20
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK Drift	0,00	0,00	0,00	0,00
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK Invest	0,00	0,00	0,00	0,00
Endring i arbeidskapital	-363.526,65	0,00	0,00	41.699,07
Avsetninger og bruk av avsetninger				
Avsetninger	49.888,62	900,00	0,00	1.103,18
Bruk av avsetninger	871,87	900,00	0,00	231,31
Til avsetning senere år	0,00	0,00	0,00	0,00
Netto avsetninger	49.016,75	0,00	0,00	871,87
Int. overføringer og fordelinger				
Interne inntekter mv	734.241,00	734.300,00	0,00	733.781,00
Interne utgifter mv	734.241,00	734.300,00	0,00	733.781,00
Netto interne overføringer	0,00	0,00	0,00	0,00



Oversikt - balanse

2 EID FJORDVARME KF - 2014

16.03.2015

	Regnskap 2014	Regnskap 2013
EIENDELER		
Anleggsmidler	18.515.970,00	18.815.868,00
Herav:		
Faste eiendommer og anlegg	17.974.067,00	18.576.855,00
Utstyr, maskiner og transportmidler	541.903,00	239.013,00
Utlån	0,00	0,00
Konserninterne langsiktige fordringer	0,00	0,00
Aksjer og andeler	0,00	0,00
Pensjonsmidler	0,00	0,00
Omløpsmidler	1.737.962,77	1.915.976,42
Herav:		
Kortsiktige fordringer	672.533,07	304.673,98
Konserninterne kortsiktige fordringer	0,00	0,00
Premieavvik	0,00	0,00
Aksjer og andeler	0,00	0,00
Sertifikater	0,00	0,00
Obligasjoner	0,00	0,00
Derivater	0,00	0,00
Kasse, postgiro, bankinnskudd	1.065.429,70	1.611.302,44
SUM EIENDELER	20.253.932,77	20.731.844,42
EGENKAPITAL OG GJELD		
Egenkapital	13.752.707,92	14.158.372,57
Herav:		
Disposisjonsfond	1.224,00	352,13
Bundne driftsfond	0,00	0,00
Ubundne investeringsfond	0,00	0,00
Bundne investeringsfond	0,00	0,00
Regnskapsmessig mindreforbruk	49.016,75	871,87
Regnskapsmessig merforbruk	0,00	0,00
Udisponert i inv.regnskap	0,00	0,00
Udekket i inv.regnskap	0,00	0,00
Kapitalkonto	13.702.467,17	14.157.148,57
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK Drift	0,00	0,00
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK Invest	0,00	0,00
Langsiktig gjeld	5.081.430,00	5.339.190,00
Herav:		
Pensjonsforpliktelser	0,00	0,00
Ihendehaverobligasjonslån	0,00	0,00
Sertifikatlån	0,00	0,00
Andre lån	5.081.430,00	5.339.190,00
Konsemintern langsiktig gjeld	0,00	0,00
Kortsiktig gjeld	1.419.794,85	1.234.281,85
Herav:		
Kassekredittlån	0,00	0,00
Annen kortsiktig gjeld	419.794,85	234.281,85
Derivater	0,00	0,00
Konsemintern kortsiktig gjeld	1.000.000,00	1.000.000,00
Premieavvik	0,00	0,00
SUM EGENKAPITAL OG GJELD	20.253.932,77	20.731.844,42
MEMORIAKONTI		
Memoriakonto	3.173.167,47	3.443.710,87
Herav:		
Ubrukte lånemidler	267.927,17	680.470,57
Ubrukte konserninterne lånemidler	0,00	0,00
Andre memoriakonti	2.905.240,30	2.763.240,30
Motkonto til memoriakontiene	-3.173.167,47	-3.443.710,87

Arne Wald *Leiv Gunnar* *Øystein* *Tore Helle* *Magne Kelle*
23/3-2015 STYRET I EID FJORDVARME KF 5 DAGLEG YER

Rekneskapsprinsipp og vurderingsreglar (jfr. KRS 6)

Rekneskap for kommunale føretak er finansielt orientert, og skal vise alle økonomiske midlar som er tilgjengelege i året, og bruken av desse. Inntekter og utgifter skal tidsmessig plasserast i det året som følgjer av anordningsprinsippet. Anordningsprinsippet seier at alle kjente utgifter, utbetalingar, inntekter og innbetalingar i løpet av året, som vedkjem det kommunale føretaket si verksemd, skal gå fram av drifts- eller investeringsrekneskapen i året, anten dei er betalt eller ikkje pr 31.12.

Rekneskapen er avlagt i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk. Kommunale rekneskapsstandardar (KRS) utgitt av "Foreningen for god kommunal regnskapsskikk (GKRS)" har nærare presiseringar av kva som er god kommunal rekneskapsskikk.

Ikkje aktuelle notar

Vi nyttar same nummerering av notane som Eid kommune gjer. Dette for å få notane i samsvar med rekneskapsforskrifta og god kommunal rekneskapsskikk.

Følgjande notar er ikkje aktuelle for Eid Fjordvarme KF i 2014:

Note 2 Pensjon (F § 5 nr 2)

Note 3 Garantiansvar (F § 5 nr 3)

Note 5 Aksjar og andeler i varig eige (F § 5 nr 5)

Note 8 Sal av finansielle anleggsmidlar (F § 5 nr 8)

Note 9 Interkommunalt samarbeid etter kommunelova § 27 (F § 12 nr 3)

Note 10 Spesifikasjon av vesentlege postar i rekneskapen

Note 11 Vesentlege transaksjonar

Note 14 Markedsbaserte finansielle omløpsmiddel

Note 15 Obligasjonar som vert haldne til forfall

Note 17 Tidlegare endringar i rekneskapsprinsipp

Note 19 Vesentlege forpliktingar

Note 20 Sjølvkostområde

Note 22 Betinga forhold og hendingar etter balansedagen

Note 23 Samla ekstern gjeldsforplikting

Note 24 Endring i rekneskapsprinsipp i året

Note 25 Utgiftsført estimert tap på krav

Note 26 Netto driftsresultat

Note 1 Endring i arbeidskapital (F § 5 nr 1)

Balanserekneskapen :	2014	2013	Endring
2.1 Omløpsmiddel	1 737 963	1 915 976	
2.3 Kortsiktig gjeld	1 419 795	1 234 282	
Arbeidskapital	318 168	681 695	-363 527

Drifts- og investeringsrekneskapen :	Beløp	Sum
Tilgang av middel :		
Inntekter driftsrekneskapen	1 059 228	
Inntekter investeringsrekneskapen	21 800	
Innbet. ved eksterne finanstransaksjonar	443 765	
Sum tilgang av middel	1 524 793	1 524 793

Bruk av middel :		
Utgifter driftsrekneskapen	619 446	
Utgifter investeringsrekneskapen	434 343	
Utbet. ved eksterne finanstransaksjonar	421 987	
Sum bruk av middel	1 475 776	1 475 776

Tilgang - bruk av middel **49 017**

Endring ubrukte lånemiddel (auke +/-reduksjon -) **-412 543**

Endring arbeidskapital i drifts-og investeringsrekneskap **-363 527**

Endring arbeidskapital i balansen **-363 527**

Differanse (vert forklart nedanfor) **0**

Forklaring til differanse i arb.kapital :

	0	
	0	
	0	
	0	0

Note 4 Fordringer og gjeld til kommunen jf kommunelova §§ 11 og 27 (F § 5 nr 4)

Kommunal verksemd - namn:	31.12. 2014		31.12. 2013	
	Fordringar	Gjeld	Fordringar	Gjeld
Kortsiktige postar				
Eid kommune - kassekr. kap. 2.33	0	1 000 000	0	1 000 000
Eid kommune - kapittel 2.32	0	60 463	0	66 962
Sum kortsiktige postar	0	1 060 463	0	1 066 962
Langsiktige postar				
	0	0	0	0
	0	0	0	0
	0	0	0	0
Sum langsiktige postar	0	0	0	0

Note 6 Avsetning og bruk av fond (F § 5 nr 6)

Samla avsetningar og bruk av avsetningar i året	2014	2013
Avsetningar	49 889	1 103
Bruk av avsetningar	872	231
Til avsetning seinare år (meirforbruk i driftsrekneskapen)	0	0
Netto avsetningar	49 017	872

Disposisjonsfond

Behaldning 01.01.	352	121
Bruk av fonda i driftsrekneskapen	0	0
Bruk av fonda i investeringsrekneskapen	0	0
Avsetningar til fonda i driftsrekneskapen	872	231
Behaldning 31.12.	1 224	352

Note 7 Kapitalkonto (F § 5 nr 7)

Konto 2.5990.001

DEBET		KREDIT	
Saldo 1.1. (underskot i kapital)		Saldo 1.1. (kapital)	14 157 148,57
Debetpostar i året:		Kreditpostar i året:	
Sal av fast eigedom, anlegg, utstyr, maskiner og transportmiddel		Aktivering fast eigedom, anlegg, utstyr, maskiner og transportmiddel	434 343,00
Avskrivning: Eigedom, anlegg, utstyr, maskiner og transportmiddel	734 241,00	Oppskrivning fast eigedom/anlegg	
Nedskrivning: Eigedom, anlegg, utstyr, maskiner og transportmiddel			
Sal aksjer/andeler		Kjøp av aksjer/andeler	
Nedskrivning aksjer/andeler		Oppskrivning av aksjer/andeler	
Avdrag på utlån - driftsrekneskapen		Utlån - driftsrekneskapen	
Avdrag på utlån - investeringsreknesk.		Utlån - investeringsrekneskapen	
Avskrivning på utlån - driftsreknesk.		Avdrag på eksterne lån	257 760,00
Avskrivning på utlån - investeringsrek.			
Bruk av lånemiddel	412 543,40		
Endring pensjonsforpliktingar (auke)		Endring pensjonsforplikting (reduksjon)	
Endring pensjonsmiddel (reduksjon)		Endring pensjonsmiddel (auke)	
		Arbeidsgjevaravgift netto pensjonsforplikting	
Urealisert kurstap utenlandslån		Urealisert kursgevinst utenlandslån	
Balanse 31.12. (kapital)	13 702 467,17	Balanse 31.12. (underskot i kapital)	
SUM DEBET	14 849 251,57	SUM KREDIT	14 849 251,57

Note 12 Anleggsmiddel

Konto 2.2400.000 til 2.2799.999

	EDB-utstyr, kontor- maskiner	Anleggs- maskiner m.v.	Brannbilar, tekniske anlegg m.v.	Bustader, skular, vegar m.v.	Adm.bygg, sjukeheim m.v.	SUM
Anskaffelseskost						
01.01.	28 850	667 746	4 213 531	21 694 861	0	26 604 988
Årets tilgang	0	369 665	0	64 678	0	434 343
Anskaffelseskost						
31.12.	28 850	1 037 411	4 213 531	21 759 539	0	27 039 331
Akk. avskr. 31.12.	2 885	495 508	1 320 465	4 394 359	0	6 213 217
Netto akk./rev. nedskr. 31.12.	0	0	0	0	0	0
Akk. avgang/sal 31.12.	25 965	0	809 492	1 474 687	0	2 310 144
Bokført verdi pr.						
31.12.	0	541 903	2 083 574	15 890 493	0	18 515 970
Årets avskrivningar	0	66 775	164 420	503 046	0	734 241
Årets avgang/sal	0	0	0	0	0	0
Årets nedskrivningar	0	0	0	0	0	0
Årets reverserte nedskrivningar	0	0	0	0	0	0
Økonomisk levetid	5 år	10 år	20 år	40 år	50 år	
Avskrivningsplan	Lineær	Lineær	Lineær	Lineær	Lineær	

Note 13 Investeringsoversikt

Viser til eiga utskrift av investeringsrekneskapen inne i rekneskapsheftet.

Note 16 Langsiktig gjeld og avdrag

Kommunen skal rekne ut minste lovlege avdrag, jf kommunelova § 50 nr 7, ved å :

ALTERNATIV 1 : Rekne minste lovlege avdrag på lån etter ein forenkla formel. Avskrivningane vert rekna som sum langsiktig gjeld dividert på sum anleggsmidlar (jf KL § 50 nr 1 og 2) multiplisert med årets avskrivningar i driftsrekneskapen. Denne forenkla formelen gir eit minste krav til avdrag som tilsvarar avskrivningar (kapitalslitet) på lånefinansierte anleggsmidlar.

ALTERNATIV 2 : *Modell frå KRD*. Vekte rest levetid på driftsmidlane ifht bokført verdi totalt. Metoden gir eit krav til minste avdrag som avviker frå faktisk kapitalslit på lånefinansierte anleggsmidlar. Normalt vil denne reknemåten gi eit lågare krav til minste avdrag enn kapitalslitet på lånefinansierte anleggsmidlar. Samanlikning av utgiftsførte avdrag med kapitalslit på lånefinansierte anleggsmidlar, rekna som sum langsiktig gjeld dividert på sum anleggsmidlar multiplisert med årets avskrivningar er vist nedanfor.

Utgiftsførte avdrag i driftsrekneskapen (konto 15110.4000.87000)	257 760
Kapitalslit på lånefinansierte anleggsmidlar (alternativ 1)	205 353
Minste lovlege avdrag etter modell frå KRD (alternativ 2)	144 302

Vi ser at utgiftsførte avdrag i driftsrekneskapen ligg over anbefalt minste avdrag som tilsvarar avskrivningar (kapitalslit) på lånefinansierte anleggsmidlar (alternativ 1). Det utgiftsførte beløpet ligg også over minste lovlege avdrag etter KRD sin modell (alternativ 2).

Fordeling av langsiktig gjeld i Eid Fjordvarme KF på ulike område:	31.12.2014	31.12.2013
Lån til utbygging av fjordvarme og gass	4 813 503	4 658 719
Ubrukte lånemidlar (konto 2.9100.000 til 2.9100.999)	267 927	680 471
Eid Fjordvarme KF sin totale langsiktige gjeld (konto 2.4800.000 til 2.4899.999)	5 081 430	5 339 190

Fordeling av langsiktig gjeld etter rentebetingelsar	Langs.gjeld 31.12.2014	Gj.sn. rente
Langsiktig gjeld med fast rente:	0	0,00 %
Langsiktig gjeld med flytande rente:	5 081 430	2,23 %

Note 18 Rekneskapsmessig meirforbruk / mindreforbruk Udekket / udisponert i investeringsrekneskapskapen

Posten rekneskapsmessig meirforbruk/mindreforbruk under eigenkapitalen i balansen er sett saman som følgjer (konto 2.5900.000 til 2.5900.999 ev. 2.5950.000 til 2.5950.999):

Rekneskapsår	Meirforbruk	Mindreforbruk
2014	0	49 017
Sum	0	49 017

Posten udekket/udisponert frå investeringsrekneskapskapen under eigenkapitalen i balansen er sett saman som følgjer:

Rekneskapsår	Udekket	Udisponert
2013	0	0
2014	0	0
Sum	0	0

Note 21 Tal årsverk og utgifter til leiande personar og revisjon

Arsverk

Dagleg leiar hadde 100 % stilling til saman i dei to fjordvarmeselskapa i 2014. Utlønning vart gjort av Fjordvarme AS. Dagleg leiar har nytta 14,5 % av stillinga til arbeid for Eid Fjordvarme KF. Tilsvarande tal for 2013 var 10,7 %. Resten av stillinga til dagleg leiar er brukt til arbeid for Fjordvarme AS.

Utgifter til leiande personar

Fjordvarme AS fakturerer Eid fjordvarme KF for medgåtte arbeidstimar for dagleg leiar. Timeprisen i 2014 var kr 686 + mva.

Godtgjersle til revisor

Eid Fjordvarme KF sin revisor er Kommunerevisjonen i Nordfjord. Samla godtgjersle til revisor utgjør for 2014 kr 16 330,-.

Note 27 Refusjonar 2014

Refusjonar til kommunen

(Art 13800 og 33800 Ansvar 4000 Teneste 32000)

Møtegodtgjersle inkl. sosiale utgifter - KF-styret	5 505
Kjøp av rekneskapstenester/fakturering	30 000
Sum	35 505

Refusjonar frå kommunen

Sum	0
------------	----------

Note 28 Overføringer

Overføringer fra kommunen - 2014

(Art 18800 Ansvar 4000 Teneste 32000)

Rammeløyving 2014 - Kommunestyresak 142/13	142 000
Sum	142 000

Overføringer fra kommunen - tidlegare år

Inndekking underskot 2004 - Kommunestyresak 36/05	103 789
Rammeløyving 2005 - Kommunestyresak 40/05	253 171
Rammeløyving 2006 - Kommunestyresak 27/06	200 000
Tilleggsøyving 2006 - Kommunestyresak 100/06	145 000
Rammeløyving 2007 - Kommunestyresak 140/06	310 000
Inndekking underskot 2006 - Kommunestyresak 30/07	10 888
Tilleggsøyving 2007 - Kommunestyresak 44/07	70 000
Tilleggsøyving 2007 - Kommunestyresak 85/07	72 000
Rammeløyving 2008 - Kommunestyresak 159/07	320 000
Inndekking underskot 2006/2007 - Kommunestyresak 35/08	19 030
Tilleggsøyving 2008 - Kommunestyresak 48/08	79 000
Rammeløyving 2009 - Kommunestyresak 132/08	307 000
Rammeløyving 2010 - Kommunestyresak 114/09	315 000
Rammeløyving 2011 - Kommunestyresak 114/10	270 000
Rammeløyving 2012 - Kommunestyresak 145/11	260 000
Rammeløyving 2013 - Kommunestyresak 120/12	247 000
Sum	2 981 878

Samla overføring frå kommunen 2004 - 2014	3 123 878
--	------------------

Avkall tilbakebetaling breibandområdet - K-sak 44/09	218 638
--	---------

Skal betalast tilbake til Eid kommune	2 905 240
--	------------------

Av summen på kr 2 905 240 utgjør overføringer på fjordvarmeområdet kr 169 939. Resten er overføringer på gassområdet.

Overføringer til kommunen - 2014

Sum	0
------------	----------

Overføringer til kommunen - tidlegare år

Sum	0
------------	----------

Note 29 Deling av prosjekt 1001 - Fjordvarme - t.o.m. 2004

Prosjekt 1001, Hovudprosjekt fjordvarme, inneheld både breibandsutbygging og gassutbygging frå oppstart av fjordvarmeutbygginga til og med 2004. Frå 2005 er gass og breiband skilt ut som eigne prosjekt.

Dagleg leiar gjorde i august 2005 ei skjønsmessig fordeling av prosjekt 1001 på fjordvarme, breiband og gass. Denne fordelinga låg som vedlegg til kommunestyresak 84/05, jf sak 28/05 i styret til Eid Fjordvarme KF.

Fordelinga er gjort slik:

Utgifter:	Rekneskap t.o.m. 31.12.04
Fjordvarme	10 034 073
Breiband	2 393 334
Gass	2 286 065
Refusjonar/anna	4 435 206
Sum	19 148 678

På finansieringssida er det rekna med at tilskotet frå KRD har finansiert kr 536 000,- av utbygginga på breibandsområdet. I tillegg er det motteke kr 120 000,- i tilknytningsgebyr breiband. Resten av utgiftene på breibandsområdet er finansiert med lån. Alle utgiftene på gassområdet er finansiert med lån.



Driftsrekneskapen

2 EID FJORDVARME KF (2014) - År/Periode 2014 1 - 14

16.03.2015

	Regnskap 2014	Buds(end) 2014	Regnskap 2013
Ansvar: 4000 EID FJORDVARME KF			
Tjeneste: 32000 KOMMUNAL NÆRINGSVERKSEMD			
11210 Anna forbruksmateriell og råvarer	0,00	0	1.010
11220 Kjøp av tenester - gass	94.936,41	100.000	0
11250 Kjøp av varer - gass	331.275,07	260.500	0
11340 Post- og bankgebyr	1.356,87	0	1.355
11860 Tingforsikring	2.157,00	3.000	2.116
13520 Tenester frå interkommunale samarbeid	16.330,00	14.000	14.175
13710 Kjøp av tenester frå private	137.886,00	128.000	134.256
13800 Kjøp frå eigen kommune	35.504,57	38.000	41.447
15900 Avskrivningar	734.241,00	734.300	733.781
Sum utgifter	1.353.686,92	1.277.800	928.140
16500 Avgiftspliktig sal av varer og tenester	-383.737,60	-414.100	-414.570
16560 Sal av naturgass	-533.490,07	-399.300	0
18800 Overføring frå eigen kommune	-142.000,00	-142.000	-247.000
Sum inntekter	-1.059.227,67	-955.400	-661.570
Sum tjeneste: 32000 KOMMUNAL NÆRINGSVERKSEMD	294.459,25	322.400	266.570
Tjeneste: 86000 MOTPOST AVSKRIVINGAR			
19900 Motpost avskrivningar	-734.241,00	-734.300	-733.781
Sum inntekter	-734.241,00	-734.300	-733.781
Sum tjeneste: 86000 MOTPOST AVSKRIVINGAR	-734.241,00	-734.300	-733.781
Tjeneste: 87000 RENTER/UTBYTE/LÅN			
15010 Renter på lån	139.269,00	199.000	226.742
15011 Konserninterne renteutgifter	24.958,00	0	25.515
15110 Avdrag på lån	257.760,00	257.900	257.774
Sum utgifter	421.987,00	456.900	510.031
19010 Renteinntekter	-31.222,00	-45.000	-43.692
Sum inntekter	-31.222,00	-45.000	-43.692
Sum tjeneste: 87000 RENTER/UTBYTE/LÅN	390.765,00	411.900	466.339
Tjeneste: 88000 INTERNE FINANSIERINGSTRANSAKSJOI			
15400 Avsetning til disposisjonsfond	871,87	900	231
Sum utgifter	871,87	900	231
19300 Bruk av tidl. års rekneskapsmessige mindreforbruk	-871,87	-900	-231
Sum inntekter	-871,87	-900	-231
Sum tjeneste: 88000 INTERNE FINANSIERINGSTRANSAK	0,00	0	0
Tjeneste: 89900 ÅRETS REKNESKAPSMESSIGE RESULT.			
15800 Rekneskapsmessig mindreforbruk	49.016,75	0	872
Sum utgifter	49.016,75	0	872
Sum tjeneste: 89900 ÅRETS REKNESKAPSMESSIGE RES	49.016,75	0	872
Sum ansvar: 4000 EID FJORDVARME KF	0,00	0	0
TOTALT	0,00	0	0

EID FJORDVARME KF

REKNESKAP INVESTERINGSPROSJEKT 2014

	Tidlegare år	2014	Brukt totalt	Budsjett totalt
Prosjekt: 1001 HOVUDPROSJEKT FJORDVARME				
Art: 31210 Anna forbruksmaterieell og råvarer	3 919,87	0,00	3 919,87	0
Art: 31960 Avgifter og gebyr	21 443,00	0,00	21 443,00	0
Art: 32500 Materiale til vedlikeh. og nybygg	30 425,00	0,00	30 425,00	0
Art: 32700 Konsulenttenester	3 801 577,23	0,00	3 801 577,23	3 821 000
Art: 32810 Ulempeserstatning	3 750,00	0,00	3 750,00	0
Art: 32900 Internkjøp	238 725,00	0,00	238 725,00	0
Art: 33800 Kjøp frå eigen kommune	81 761,90	0,00	81 761,90	50 000
Art: 34000 Vedlikeh.,byggtenester, nybygg	1 066 767,53	0,00	1 066 767,53	1 326 000
Art: 34100 Felleskostnader	91 878,97	0,00	91 878,97	0
Art: 34200 Bygning og anlegg	6 905 651,96	0,00	6 905 651,96	8 165 600
Art: 34300 Vvs-installasjonar	9 225 114,76	0,00	9 225 114,76	8 754 100
Art: 34400 El. kraft installasjonar	293 449,04	0,00	293 449,04	0
Art: 34500 Tele/data og svakstraum	1 795 674,02	0,00	1 795 674,02	1 662 000
Art: 35030 Morarenter	1 678,38	0,00	1 678,38	0
Art: 35110 Avdrag på lån	786 666,00	0,00	786 666,00	788 600
Sum utgifter	24 348 482,66	0,00	24 348 482,66	24 567 300
Art: 36219 Diverse avgiftsfrie inntekter	-1 200,00	0,00	-1 200,00	0
Art: 36420 Tilknytningsavgifter	-3 758 200,00	0,00	-3 758 200,00	-4 020 000
Art: 36430 Tilknytningsavg. fiber	-150 000,00	0,00	-150 000,00	0
Art: 36500 Avgiftspliktig sal av varer/tenester	-6 345 210,77	0,00	-6 345 210,77	-6 455 400
Art: 37010 Statstilskot	-7 455 000,00	0,00	-7 455 000,00	-7 405 000
Art: 37800 Refusjon frå eigen kommune	0,00	0,00	0,00	0
Art: 38310 Overf. frå fylkeskommunen	0,00	0,00	0,00	-50 000
Art: 38900 Overføringar frå andre	-2 000,00	0,00	-2 000,00	0
Art: 39100 Bruk av lån	-6 696 871,89	0,00	-6 696 871,89	-6 696 900
Sum inntekter	-24 408 482,66	0,00	-24 408 482,66	-24 627 300
Sum	-60 000,00	0,00	-60 000,00	-60 000
Prosjekt: 1003 GASS				
Art: 31210 Anna forbruksmaterieell og råvarer	233,60	0,00	233,60	0
Art: 31960 Avgifter og gebyr	4 061,00	0,00	4 061,00	0
Art: 32500 Materiale til vedlikeh. og nybygg	3 379,20	0,00	3 379,20	0
Art: 32700 Konsulenttenester	352 848,90	0,00	352 848,90	242 000
Art: 32810 Ulempeserstatning	10 000,00	0,00	10 000,00	0
Art: 33800 Kjøp frå eigen kommune	5 120,10	0,00	5 120,10	7 000
Art: 34200 Bygning og anlegg	517 414,18	0,00	517 414,18	807 200
Art: 34300 Vvs-installasjonar	336 421,85	0,00	336 421,85	226 400
Art: 34400 El. kraft installasjonar	3 264,00	0,00	3 264,00	0
Sum utgifter	1 232 742,83	0,00	1 232 742,83	1 282 600
Art: 36500 Avgiftspliktig sal av varer/tenester	-55 215,00	0,00	-55 215,00	-135 000
Art: 36550 Framføring rør naturgass	-30 000,00	0,00	-30 000,00	0
Art: 39100 Bruk av lån	-1 127 527,83	0,00	-1 127 527,83	-1 127 600
Sum inntekter	-1 212 742,83	0,00	-1 212 742,83	-1 262 600
Sum	20 000,00	0,00	20 000,00	20 000
Prosjekt: 1011 VENTILAR I GASSNETTET				
Art: 32500 Materiale til vedlikeh. og nybygg	431,20	0,00	431,20	0
Art: 34300 Vvs-installasjonar	32 190,40	0,00	32 190,40	32 600
Sum utgifter	32 621,60	0,00	32 621,60	32 600
Art: 39100 Bruk av lån	-32 621,60	0,00	-32 621,60	-32 600
Sum inntekter	-32 621,60	0,00	-32 621,60	-32 600
Sum	0,00	0,00	0,00	0

Prosjekt: 1019 DIGITALT LEIDNINGSKART - FJORDVARME

Art: 31030 Kjøp av kartverk	0,00	0,00	0,00	30 000
Art: 32700 Konsulenttenester	0,00	33 491,00	33 491,00	0
Sum utgifter	0,00	33 491,00	33 491,00	30 000
Art: 39100 Bruk av lån	0,00	-33 491,00	-33 491,00	-30 000
Sum inntekter	0,00	-33 491,00	-33 491,00	-30 000
Sum	0,00	0,00	0,00	0

Prosjekt: 1020 DIGITALT LEIDNINGSKART - GASS

Art: 31030 Kjøp av kartverk	0,00	0,00	0,00	30 000
Art: 32700 Konsulenttenester	0,00	26 174,00	26 174,00	0
Sum utgifter	0,00	26 174,00	26 174,00	30 000
Art: 39100 Bruk av lån	0,00	-26 174,00	-26 174,00	-30 000
Sum inntekter	0,00	-26 174,00	-26 174,00	-30 000
Sum	0,00	0,00	0,00	0

Prosjekt: 1022 LNG-ANLEGG OG KUNDESKAP - GASS

Art: 34300 Vvs-installasjonar	0,00	310 000,00	310 000,00	511 500
Sum utgifter	0,00	310 000,00	310 000,00	511 500
Art: 36500 Avgiftspliktig sal av varer/tenester	0,00	-15 000,00	-15 000,00	-15 000
Art: 39100 Bruk av lån	0,00	-295 000,00	-295 000,00	-496 500
Sum inntekter	0,00	-310 000,00	-310 000,00	-511 500
Sum	0,00	0,00	0,00	0

Prosjekt: 1023 TILKNYTNING/OPPFØLGING - FJORDVARME

Art: 32700 Konsulenttenester	0,00	14 748,80	14 748,80	50 000
Art: 34000 Vedlikeh.,byggtenester, nybygg	0,00	23 724,80	23 724,80	124 000
Art: 34200 Bygning og anlegg	0,00	0,00	0,00	50 000
Art: 34300 Vvs-installasjonar	0,00	26 204,80	26 204,80	50 000
Sum utgifter	0,00	64 678,40	64 678,40	274 000
Art: 36420 Tilknytningsavgifter	0,00	-5 000,00	-5 000,00	-100 000
Art: 36500 Avgiftspliktig sal av varer/tenester	0,00	-1 800,00	-1 800,00	-50 000
Art: 39100 Bruk av lån	0,00	-57 878,40	-57 878,40	-124 000
Sum inntekter	0,00	-64 678,40	-64 678,40	-274 000
Sum	0,00	0,00	0,00	0
TOTALT	0,00	0,00	0,00	0



Oversikt - balanse

2 EID FJORDVARME KF - 2014

16.03.2015

	Regnskap 2014	Regnskap 2013
EIENDELER		
Anleggsmidler	18.515.970,00	18.815.868,00
Herav:		
Faste eiendommer og anlegg	17.974.067,00	18.576.855,00
22700001 Anlegg avskrivning 40 år - t.o.m. 200	11.312.189,00	11.677.098,00
22700002 Anlegg avskrivning 20 år - t.o.m. 200	1.070.956,00	1.168.316,00
22700003 Fjordvarme 2005 - avskrivning 40 år	1.246.592,00	1.286.804,00
22700004 Fjordvarme 2005 - avskrivning 20 år	156.145,00	170.340,00
22700007 Gass 2005 - avskrivning 40 år	163.370,00	168.640,00
22700008 Fjordvarme 2006 - avskrivning 40 år	922.197,00	951.016,00
22700009 Gass 2006 - avskrivning 40 år	81.457,00	84.003,00
22700010 Fjordvarme 2007 - avskrivning 40 år	136.701,00	140.844,00
22700011 Gass 2007 - avskrivning 40 år	478.814,00	493.323,00
22700012 Fjordvarme 2008 - avskrivning 40 år	455.397,00	468.791,00
22700013 Gass 2008 - avskrivning 40 år	258.610,00	266.216,00
22700014 Fjordvarme 2009 - avskrivning 40 år	330.842,00	340.295,00
22700015 Fjordvarme 2009 - avskrivning 20 år	128.146,00	136.689,00
22700016 Gass 2009 - avskrivning 40 år	109.660,00	112.793,00
22700017 Fjordvarme 2010 - avskrivning 40 år	157.258,00	161.626,00
22700018 Fjordvarme 2010 - avskrivning 20 år	527.284,00	560.239,00
22700019 Gass 2010 - avskrivning 40 år	54.314,00	55.823,00
22700020 Fjordvarme 2011 - avskrivning 40 år	84.854,00	87.147,00
22700021 Fjordvarme 2011 - avskrivning 20 år	60.499,00	64.058,00
22700022 Gass 2011 - avskrivning 40 år	15.612,00	16.034,00
22700023 Fjordvarme 2012 - avskrivning 20 år	140.544,00	148.352,00
22700024 Fjordvarme 2013 - avskrivning 40 år	17.948,00	18.408,00
22700025 Fjordvarme 2014 - avskrivning 40 år	64.678,00	0,00
Utstyr, maskiner og transportmidler	541.903,00	239.013,00
22400001 Fjordvarme 2006 - avskrivning 10 år	94.859,00	142.288,00
22400003 Fjordvarme 2008 - avskrivning 10 år	77.379,00	96.725,00
22400004 Fjordvarme 2014 - avskrivning 10 år	33.491,00	0,00
22400005 Gass 2014 - avskrivning 10 år	336.174,00	0,00
Utlån	0,00	0,00
Konserninterne langsiktige fordringer	0,00	0,00
Aksjer og andeler	0,00	0,00
Pensjonsmidler	0,00	0,00
Omløpsmidler	1.737.962,77	1.915.976,42
Herav:		
Kortsiktige fordringer	672.533,07	304.673,98
21375230 Fakturering	672.533,07	273.423,98
21375535 Diverse debitorar	0,00	31.250,00
Konserninterne kortsiktige fordringer	0,00	0,00
Premieavvik	0,00	0,00
Aksjer og andeler	0,00	0,00
Sertifikater	0,00	0,00
Obligasjoner	0,00	0,00
Derivater	0,00	0,00
Kasse, postgiro, bankinnskudd	1.065.429,70	1.611.302,44
21020010 Sparebanken Vest 3790.12.68577	1.065.429,70	1.611.302,44
SUM EIENDELER	20.253.932,77	20.731.844,42
EGENKAPITAL OG GJELD		
Egenkapital	13.752.707,92	14.158.372,57
Herav:		
Disposisjonsfond	1.224,00	352,13
25600001 Uspesifisert disposisjonsfond	1.224,00	352,13
Bundne driftsfond	0,00	0,00
Ubundne investeringsfond	0,00	0,00
Bundne investeringsfond	0,00	0,00
Regnskapsmessig mindreforbruk	49.016,75	871,87
25950013 Rekneskapsmessig overskot 2013	0,00	871,87
25950014 Rekneskapsmessig overskot 2014	49.016,75	0,00
Regnskapsmessig merforbruk	0,00	0,00
Udisponert i inv.regnskap	0,00	0,00



Oversikt - balanse

2 EID FJORDVARME KF - 2014

16.03.2015

Udekket i inv.regnskap	0,00	0,00
Kapitalkonto	13.702.467,17	14.157.148,57
25990001 Kapitalkonto	14.157.148,57	14.572.155,37
25990011 Bruk av eksterne lån	-412.543,40	40.827,20
25990022 Avskrivning av faste eiendomar og anl	-667.466,00	-667.006,00
25990023 Avskrivning av utstyr, maskiner og tr	-66.775,00	-66.775,00
25990052 Aktivering fast eiendom	64.678,00	20.173,00
25990053 Aktivering av utstyr og maskinar	369.665,00	0,00
25990061 Avdrag på eksterne lån	257.760,00	257.774,00
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK Drift	0,00	0,00
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK Invest	0,00	0,00
Langsiktig gjeld	5.081.430,00	5.339.190,00
Herav:		
Pensjonsforpliktelser	0,00	0,00
Ihendehaverobligasjonslån	0,00	0,00
Sertifikatlån	0,00	0,00
Andre lån	5.081.430,00	5.339.190,00
24819001 Kommunalbanken AS - 20060180	2.870.380,00	3.013.900,00
24819002 Kommunalbanken AS - 20080739	408.000,00	425.000,00
24819003 Kommunalbanken AS - 20100809	433.360,00	450.020,00
24819004 Kommunalbanken AS - 20110717	1.369.690,00	1.450.270,00
Konsernintern langsiktig gjeld	0,00	0,00
Kortsiktig gjeld	1.419.794,85	1.234.281,85
Herav:		
Kassekredittlån	0,00	0,00
Annen kortsiktig gjeld	419.794,85	234.281,85
23214001 Oppgjerskonto fylkesskattekr	93.857,00	39.403,00
23220001 Påløpte renter	21.428,00	51.508,00
23270100 Automatisk remittering	263.709,85	143.370,85
23275525 Diverse kreditorar	40.800,00	0,00
Derivater	0,00	0,00
Konsernintern kortsiktig gjeld	1.000.000,00	1.000.000,00
23350001 Kassekreditt Eid Kommune	1.000.000,00	1.000.000,00
Premieavvik	0,00	0,00
SUM EGENKAPITAL OG GJELD	20.253.932,77	20.731.844,42
MEMORIAKONTI		
Memoriakonto	3.173.167,47	3.443.710,87
Herav:		
Ubrukte lånemidler	267.927,17	680.470,57
29100003 Pr. 1003: Gass	0,00	42.017,14
29100004 Pr. 1001: Midlertidig finansiering i	0,00	337.011,51
29100007 Pr. 1011: Ventilær i gassnettet	0,00	7.378,40
29100014 Pr. 1019: Digitalt leidningskart - f	0,00	30.000,00
29100015 Pr. 1020: Digitalt leidningskart - g	335,00	30.000,00
29100016 Pr. 1021: Tilbakeslagsventilær - fjo	0,00	234.063,52
29100017 Pr. 1022: LNG-anlegg og kundeskap -	201.500,00	0,00
29100018 Pr. 1023: Tilknytning/oppfølging - f	66.092,17	0,00
Ubrukte konserninterne lånemidler	0,00	0,00
Andre memoriakonti	2.905.240,30	2.763.240,30
29400001 Akkumulert driftstilskot frå Eid kom	2.905.240,30	2.763.240,30
Motkonto til memoriakontiene	-3.173.167,47	-3.443.710,87
29999910 Motkonto for unyttat lån	-267.927,17	-680.470,57
29999930 Motpost driftstilskot frå Eid kommun	-2.905.240,30	-2.763.240,30



EID FJORDVARME KF

Møtebok

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Eid Fjordvarme KF	23.03.2015	002/15	JEA

Avgjerd av: Saksansv.: Hjelle Magne	Arkiv: 210 Objekt:	Arkivsaknr 15/498
---	-------------------------------------	-----------------------------

Årsmelding 2014 Eid Fjordvarme KF

Dokumentliste:

Prenta vedlegg:

Årsmelding Eid Fjordvarme KF 2014.

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

- Kommunelova – lov av 25.09.1992 nr. 107, spesielt kap. 11.
- Forskrift om særbudsjett, særregnskap og årsberetning for kommunale og fylkeskommunale foretak, av 24.08.2006.

Bakgrunn for saka:

Saka gjeld godkjenning av årsmeldinga for 2014. Saka går vidare frå styret til revisor og kontrollutvalet før sluttbehandling i formannskap og kommunestyre.

Saksutgreiing:

Jfr. årsmeldinga.

Vurdering:

Årsmeldinga gjev uttrykk for selskapet si drift i 2014.

DAGLEG LEIAR SI TILRÅDING:

1. Styret har ikkje merknader til årsmelding for Eid Fjordvarme KF 2014, datert 16.03.2015.
2. Årsmeldinga vert oversendt til revisjon og politisk behandling.

23.03.2015 EID FJORDVARME KF

EFJ-002/15 VEDTAK:

1. Styret har ikkje merknader til årsmelding for Eid Fjordvarme KF 2014, datert 16.03.2015.
2. Årsmeldinga vert oversendt til revisjon og politisk behandling.


Magne Hjelte
-dagleg leiar-

ÅRSMELDING 2014 EID FJORDVARME KF

Generelt

Eid Fjordvarme KF overtok i 2004 som eigar av all infrastruktur som Eid kommune har bygt ut gjennom fjordvarmeprosjektet og 2014 er det tiande heile driftsåret for selskapet.

Drift

Følgjande personar er med i styret:

Leiar Gunvald Ludvigsen, med personleg vara Jorunn Sandvik

Nestleiar Tore Hjelle, med personleg vara Magnar Aase

Styremedlem Ann-Magritt Hopland Eikås, med personleg vara Ove Kjøllesdal

Dagleg leiar har vore Magne Hjelle, innleigd frå Fjordvarme AS.

Det vart halde tre styremøte i løpet av året. Dagleg leiar har nytta 11,7 % stilling til drifta av selskapet, av dette 4,5 % knytt til fjordvarme og 7,2 % knytt til gass. Det har vore eit godt samarbeid med økonomiavdelinga (rekneskapstenester, fakturering) og servicekontoret (møtesekretariat, arkiv) i Eid kommune. Dette samarbeidet er vesentleg for å kunne utføre nødvendig arbeid med dei knappe ressursane som er nytta.

Avtale om drift av fjordvarmeanlegget for 2009-2018 vart inngått med Fjordvarme AS i 2009. Avtalen regulerer også nedbetaling av tidlegare års underdekning på fjordvarmeområdet. I 2006 vart det inngått avtale med SFE Naturgass AS om leige av rørnett for naturgass fram til 2015. I 2010 vart denne avtalen overdregen frå SFE Naturgass AS til Gasnor AS etter at SFE Naturgass AS la ned all aktivitet. I 2014 trekte Gasnor AS seg ut av drifta. Eid Fjordvarme KF tok då over eigarskapen til heile naturgassanlegget og gjekk inn avtale med Fjordvarme AS om drift.

Tilskot frå Eid kommune til drift av selskapet var i 2014 på kr 142.000. Det er eit rekneskapsmessig overskot på drifta for 2014 på kr 49.016,75. Dette vert foreslått avsett til Eid Fjordvarme KF sitt disposisjonsfond.

Etter driftsåra 2004-2014, er akkumulert driftstilskot frå Eid kommune kr 3.123.878. Av dette vedtok kommunestyret i 2009 å gje avkall på andelen knytt til breiband, kr 218.638. Det står då att kr 2.905.240, som skal betalast tilbake til Eid kommune frå Eid Fjordvarme KF når driftsøkonomien i selskapet gjev rom for det.

For Eid kommune sin del er innsparinga på drift av bygningane gjennom fjordvarmeprosjektet langt større enn tilskotet til Eid Fjordvarme KF, noko som viser at satsinga har vore økonomisk riktig. Driftsavdelinga i kommunen kan gje nærare informasjon om dette. I tillegg kjem den positive miljøeffekten ved auka bruk av rein fornybar energi på Nordfjordeid.

Kommentarar knytt til kvart av delområda innanfor Eid Fjordvarme KF:

Drift fjordvarme

Ved årsskiftet var betalingsgrunnlaget for bygg som brukar fjordvarme på 82.282 m², ein auke på 1.329 m² siste året. Kapitalutgiftene (renter og avdrag) er største utgiftspost og utgjer 64,7 % av utgiftene. Etter avtale mellom selskapa, betalte Fjordvarme AS i 2014 kr 100.000 ut over full inndekking av kostnadene, som avdrag på nedbetaling av tidlegare års redusert leige. Eid Fjordvarme KF har betalt ned tilsvarende beløp av underdekninga på fjordvarmeområdet til Eid kommune. Av totalt ca. kr 340.000, står det no att å betale tilbake ca. kr 170.000. Dette vil vere nedbetalt i 2016.

Drift gass

I samarbeid med SFE Naturgass AS, som var operatør på gassnettet frå starten av, vart det bygd eit forsyningsanlegg for naturgass i Øyane. Forsyningsanlegget kom i drift i mai 2008. Leiga frå operatøren til Eid Fjordvarme KF vart bestemt ut frå gassforbruket hos kundane. I perioden juli 2010 til 22.01.2014 var Gasnor AS operatør. Leiga vart også då bestemt av forbruket hos kundane. Inntektene til Eid Fjordvarme KF var i alle desse åra små. Avtalen med Fjordvarme AS frå 22.01.2014 medfører at Eid Fjordvarme KF tek alle utgifter og inntekter med kjøp og sal av gass. Dette har ført til eit betre resultat for Eid Fjordvarme KF enn tidlegare år. Forbruket i 2014 var på 30,36 tonn, som tilsvarar 421.660 kWh. Dette er ein auke på 9,7 % frå 2013. Kapitalutgiftene (renter og avdrag) utgjer om lag kr 228.000 (30,7 %) av utgiftene, driftsutgifter om lag kr 513.000 (69,3 %). Inntektene er på om lag kr 533.000 og dekker alle driftsutgifter pluss om lag kr 20.000 av kapitalutgiftene.

Å få økonomisk balanse på gassområdet er den største utfordringa til Eid Fjordvarme KF. Overtakinga av naturgassanlegget frå Gasnor AS og lokal drift av anlegget ved Fjordvarme AS, har så langt vore positivt økonomisk sett. For å betre resultatet ytterlegare, er det likevel behov for større omsetning av gass. På grunn av avgrensa kapasitet til fordamparanlegget ved gassterminalen i Øyane, kan vi likevel ikkje rekne med vesentleg auke i våre leigeinntekter før kapasiteten er utvida. Å løyse den økonomiske utfordringa er svært vanskeleg. Med utgangspunkt i dette, må det påreknast at leigeinntektene på gassområdet fyrst kan balansere utgiftene når låna på gassområdet er nedbetalt.

Investeringar

Dagleg leiar nytta i 2014 i alt 2,3 % stilling på arbeid med investeringar knytt til fjordvarme og 0,5 % stilling til investeringar på gassområdet. Investeringane i 2014 er finansiert med tilknytingsgebyr, refusjonar og unytta lånemidlar. Det har vore arbeidd med følgjande delprosjekt:

- Prosjekt 1019 og 1020: Leidningskart fjordvarme og gass. Desse er no ferdigstilt.
- Prosjekt 1022: LNG-anlegg og kundeskap gass. Gjeld overtakinga frå Gasnor AS.
- Prosjekt 1023: Tilknyttingar/oppfølging-Fjordvarme. I hovudsak oppfølging av arbeidet i samband med ny veg på Stokkenes. Direkte utgifter vert dekkja av Eid Industrihus KF. I løpet av året vart det knytt til ein ny bustadkunde.

I finansieringa av investeringsprosjekta inngår tilskot, refusjonar og tilknytingsgebyr, i tillegg til lån. Det er ein føresetnad for å bruke opp utgiftsramma at vi klarer å få inn budsjetterte tilskot, refusjonar og tilknytingsgebyr til rett tid.

I høve til budsjettert utgiftsramme til og med 2014, er status følgjande:

Prosjekt 1001, hovudprosjekt fjordvarme: Prosjektet er avslutta og gjenståande lånemidlar er overført til prosjekt 1023.

Prosjekt 1003, hovudprosjekt gass: Prosjektet er avslutta og gjenståande lånemidlar er overført til prosjekt 1022.

Prosjekt 1011, ventilar i gassnettet: Prosjektet er avslutta og gjenståande lånemidlar er overført til prosjekt 1022.

Prosjekt 1019, leidningskart fjordvarme: Finansiert samla med prosjekt 1020. Ingen restmidlar.

Prosjekt 1020, leidningskart gass: Finansiert samla med prosjekt 1019. Gjenståande lånemidlar kr 335,- blir overført til prosjekt 1022 i 2015.

Prosjekt 1021, tilbakeslagsventilar fjordvarme: Prosjektet er avslutta og gjenståande lånemidlar vart omdisponert i 2014.

Prosjekt 1022: LNG-anlegg og kundeskap gass: Rest kr 201.500,-

Prosjekt 1023: Tilknyttingar/oppfølging-Fjordvarme: Rest kr 209.321,60

Ved årsskiftet viser balanserekneskapen kr 267.927,17 i unyttå lånemidlar. Dette er ubrukt del av budsjetterte låneopptak til finansiering av utgiftsramma ovanfor. Dei unyttå lånemidlåne fordeler seg slik:

- Fjordvarme kr 66.092,17
- Gass kr 201.835,-

16.03.2015
Magne Hjelle
Dagleg leiar

SEKOM-sekretariat

Saksgang Eid kontrollutval	Møtedato 28.04.2015	Saksnr 015/15
--------------------------------------	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-210	Arkivsaknr.: 15/247
---	-------------------------	-------------------------------

Rekneskap 2014 - Eid Industrihus KF

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
20.04.2015	Rekneskap 2014 Eid Industrihus KF - politisk handsaming	2150
20.04.2015	Eid Industrihus KF - saksutgreiing til kommunestyret.pdf	2151
20.04.2015	Eid Industrihus KF - styrevedtak rekneskap 2014.pdf	2152
20.04.2015	Eid Industrihus KF - rekneskapshefte til kommunestyret 2014.pdf	2153
20.04.2015	Eid Industrihus KF - årsmelding 2014 inkl styrevedtak.pdf	2154

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Saka går vidare til kommunestyret).

Kontrollutvalet tilrår at rekneskap 2014 for Eid Industrihus KF vert godkjent.

...

Saksutgreiing:

I denne saka, skal kontrollutvalet gi uttale til kommunestyret om rekneskap 2014 for Eid Industrihus KF. Den formelle tilrådinga til kommunestyret kjem frå formannskapet. Formannskapet skal ha kopi av kontrollutvalet sin uttale før dei handsamar saka.

Administrasjonen v/rådmann og fagansvarleg for rekneskap er kalla inn til møtet og er budde på å gi nærare orientering om innhaldet i rekneskapen. Dagleg leiar Svein Otto Melheim i Eid Industrihus KF er også kalla inn til møtet. Kommunerevisjonen i Nordfjord deltek også på møtet.

Revisjonsmeldinga inneheld ingen atterhald eller presiseringar. Sekretariatet rår kontrollutvalet til å tilrå at rekneskapen vert godkjent.

Fra: Ole Starheim <Ole.Starheim@eid.kommune.no>
Sendt: 17. april 2015 13:39
Til: Arnar Helgheim
Emne: Rekneskap 2014 Eid Industrihus KF - politisk handsaming
Vedlegg: Eid Industrihus KF - saksutgreiing til kommunestyret.pdf; Eid Industrihus KF - styrevedtak rekneskap 2014.pdf; Eid Industrihus KF - rekneskapshefte til kommunestyret 2014.pdf; Eid Industrihus KF - årsmelding 2014 inkl styrevedtak.pdf

Hei,

Vedlagt følger dokument vedkomande Eid Industrihus KF sin rekneskap for 2014:

- Saksutgreiinga til kommunestyret
- Styret i selskapet sitt vedtak til rekneskapen for 2014
- Samla rekneskapshefte for 2014 inkl revisjonsmelding fremst i heftet
- Årsmelding 2014 inkl styrevedtak

Med helsing

Ole Starheim
Økonomisjef i Eid kommune
57 88 58 81 / 913 20 144





EID KOMMUNE

Møtebok

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Finansutvalet	30.04.2015		OST
Formannskapet	30.04.2015		OST
Kommunestyret	07.05.2015		OST

Avgjerd av: Kommunestyret	Arkiv: 212	Arkivsaknr
Saksbehandler: Ole Starheim	Objekt:	15/733

Rekneskap 2014 Eid Industrihus KF - politisk handsaming

Prenta vedlegg:

- Rekneskap 2014 for Eid Industrihus KF, med revisjonsmelding datert 16.04.2015
- Vedtak i styret for Eid Industrihus KF sak 010/15
- Kopi av kontrollutvalet sin uttale til rekneskapen for 2014 (vert lagt fram i formannskapet sitt møte)

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

- Kommunelova – lov av 25.09.1992 nr. 107, spesielt kap. 11.
- Forskrift om særbudsjett, særrekneskap og årsberetning for kommunale og fylkeskommunale foretak, av 24.08.2006.
- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar, av 15.06.2004.

Bakgrunn for saka:

Kommunelova § 48 nr. 3, jf. forskrift om årsrekneskap kommunale føretak § 16:

"Kommunestyret vedtar selv årsregnskapet. Vedtaket treffes på grunnlag av innstilling fra formannskapet.... Vedtaket må angi disponering av regnskapsmessig overskudd eller dekning av regnskapsmessig underskudd."

Etter forskrift om kontrollutval § 7, skal kontrollutvalet gje uttale om årsrekneskapen før denne blir vedteken av kommunestyret. Uttalen skal gjevast til kommunestyret. Kopi av uttalen skal vere formannskapet i hende tidsnok til at formannskapet kan ta omsyn til den før dette organet gjev si innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

Saksutgreiing:

Viser til saksutgreiinga i vedlagt sak 010/15 for Eid Industrihus KF og årsmeldinga til selskapet, der det framkjem at driftsrekneskapen viser eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 586.869,94 for 2014. Styret har vedteke å setje dette av til selskapet sitt disposisjonsfond. Disposisjonsfondet har etter denne avsettinga ein saldo på kr 1.077.673,26. Årsaka til mindreforbruket ligg i meir renteinntekter på ubrukte lånemidlar i forhold til budsjettert, og mindre renteutgifter på lån.

Generalforsamling i Eid Industrihus AS gjorde 18. juni 2014 vedtak om å dele ut eit utbytte på kr 1.626.000,-. Utbyttet vart overført frå Eid Industrihus AS til Eid kommune, som eigar av selskapet. Eid kommune gjorde i kommunestyresak 071/14 vedtak om å overføre beløpet som tilskot til Eid Industrihus KF.

Så lenge Eid Industrihus KF har finansutgifter ved kjøp og opparbeiding av anlegg utan leigeinntekter eller i påvente av sal, så vil selskapet vere avhengig av å få overført tilskot frå Eid kommune for å oppnå balanse i driftsrekneskapen. Dette vil kommunen kunne finansiere med tilsvarande utbytte frå Eid Industrihus AS. AS-et har pr 31.12.2014 om lag kr 6,0 mill som kan betalast ut som framtidig utbytte.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

1. Den framlagde rekneskapen, som viser eit mindreforbruk på kr 586.869,94, vert fastsett som Eid Industrihus KF sin årsrekneskap for 2014.
2. Mindreforbruket på kr 586.869,94 vert sett av til selskapet sitt eige disposisjonsfond, i samsvar med styret sitt vedtak i sak 010/15.

Åslaug Krogsæter
-rådmann-



EID INDUSTRIHUS KF

Møtebok

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Eid Industrihus KF	13.04.2015	010/15	SOM

Avgjerd av: Styret	Arkiv: 212 U50	Arkivsaknr
Saksansv.: Svein Otto Melheim	Objekt:	15/581

Eid Industrihus KF - Rekneskap 2014

Prenta vedlegg:

Rekneskap Eid Industrihus KF 2014

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

- Kommunelova – lov av 25.09.1992 nr.107, spesielt kap. 11.
- Forskrift om særbudsjett, særregnskap og årsberetning for kommunale og fylkeskommunale foretak, av 24.08.2006.

Kva saka gjeld:

Saka gjeld godkjenning av rekneskapen for 2014. Rekneskapen går vidare frå styret til revisor og behandling i kontrollutvalet før sluttbehandling i formannskapet og kommunestyret på same tid som Eid kommune sin rekneskap.

Saksutgreiing:

Generalforsamlinga i Eid Industrihus AS gjorde 18. juni 2014 vedtak om å dele ut eit utbytte på kr 1 626 000,-. Dette utbyttet er overført frå Eid Industrihus AS til Eid kommune. Eid kommune gjorde i kommunestyresak 71/14 vedtak om å overføre beløpet som tilskot til Eid Industrihus KF.

Driftsrekneskapen viser eit mindreforbruk (overskot) på kr 586 869,94. Dette vert foreslått avsett til disposisjonsfond i rekneskapen til Eid Industrihus KF.
Det vert elles vist til årsmeldinga.

Vurdering:

For å oppnå balanse i drifta framover, vil Eid Industrihus KF vere avhengig av å få overført tilskot frå Eid kommune tilsvarende det som kommunen får utbetalt som utbytte frå Eid Industrihus AS.

DAGLEG LEIAR SI TILRÅDING:


1. Styret har ikkje merknader til framlagt rekneskap 2014, datert 31.03.2015, for Eid Industrihus KF.
2. Styret rår til at rekneskapsmessig overskot på kr 586 869,94 vert avsett til disposisjonsfond i rekneskapen til Eid Industrihus KF.
3. Rekneskapen vert oversendt til revisjon og politisk behandling.

13.04.2015 EID INDUSTRIHUS KF

EIKF-010/15 VEDTAK:

1. Styret har ikkje merknader til framlagt rekneskap 2014, datert 31.03.2015, for Eid Industrihus KF.
2. Styret rår til at rekneskapsmessig overskot på kr 586 869,94 vert avsett til disposisjonsfond i rekneskapen til Eid Industrihus KF.
3. Rekneskapen vert oversendt til revisjon og politisk behandling.

Svein Otto Melheim
-dagleg leiar-



EID INDUSTRIHUS KF

REKNESKAP 2014



EID KOMMUNESTYRE 07.05.2015

KOMMUNEREVISJONEN I NORDFJORD

Til:

Kommunestyret i Eid kommune

Kopi til:

Kontrollutvalet
Formannskapet
Rådmannen
Økonomisjefen

Revisjonsmelding 2014 for Eid Industrihus KF

Uttale om særrekneskapen

Vi har revidert særrekneskapen for det kommunale føretaket, som viser eit netto driftsresultat likt rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 586 869,94. Rekneskapen er samansett av balanse, driftsrekneskap, investeringsrekneskap, økonomiske oversikter, ei skildring av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta og andre noteopplysningar.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for særrekneskapen

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide særrekneskapen og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk, og for slik intern kontroll som styret og dagleg leiar finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein særrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følge av misleghald eller feil.

Revisors oppgåver og plikter

Oppgåva vår er å gi uttrykk for ei meining om særrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk, medrekna internasjonale standardar for revisjon. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å sikre at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i særrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisors skjønn, mellom anna vurdering av risikoane for at særrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleghald eller feil. Ved slik risikovurdering tar revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for føretaket si utarbeiding av ein særrekneskap som gir ei dekkande framstilling. Formålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av føretaket sin interne kontroll. Revisjon omfattar også ei vurdering av om dei

Org.nr: 976 304 470	Kommune: EID GLOPPEN HORNINDAL SELJE STRYN VÅGSØY	Adresse: Rådhusveggen 11 Grandavegen 9 Postboks 24 Tonningsgata 4 Postboks 294	6770 Nordfjordeid 6821 Sandane 6761 Hornindal 6740 Selje 6783 Stryn 6701 Måløy	Telefon: 57 88 58 87 57 00 92 64 57 87 98 08 97 99 04 26 57 87 48 18 -19 57 84 50 29
------------------------	---	---	---	--

KOMMUNEREVISJONEN I NORDFJORD

rekneskapsprinsippa som er nytta er formålstenlege, og om rekneskapestimata som er utarbeidde av leiinga er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av særrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Konklusjon

Vi meiner at særrekneskapen er avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Eid Industrihus KF per 31.12. og av resultatet for rekneskapsåret.

Uttale om andre tilhøve

Konklusjon om budsjett

Basert på vår revisjon av særrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og at beløpa i særrekneskapen stemmer med regulert budsjett.


Konklusjon om årsmeldinga

